



## Fyrestev

Av Olav Aukrust

Hjartans djupaste lengsel brenn  
i myrkret med' natt mun lide.  
Men ljuvlegt er det når soli renn.  
Då raknar so mang ei kvide.

Rædd gjenom natti eg Rimfakse reid,  
og burte var stjernur bjarte.  
Då rann det sol over helut heid,  
då rivna natti den svarte.

Skinfakse reid eg, og jordi skein,  
og alt som på jordi drøynde,  
blomar og hjarto og klaka stein,  
og gleda or augo fløynde.

Jordi sprengde sin drake-ham,  
eg tykte ho skein forklåra  
og sumde som skinande svane fram,  
frigjord og sigerskåra.

*Motiv frå Gullfjellet, Bergen.*

## Me held fram som me stemnar:

**Språkrådet i utakt med politiske føringar**

**Ung forfattar vil ha “høgnorsk hardcore”**

**Rettsstaten sett ut or spel i Dresden**

**Nytt frå norsk og fransk musikkliv**

**Kva hender på Elfenbeinskysten?**

### I dette nummeret:

Lars Moe:	Ung forfattar med dikt på Aasen-mål	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Leidar	s. 3
Lars Bjarne Marøy:	Riise-nemndi i utakt med målpolitikken på 2000-talet	s. 4
Grete Riise:	Aasen-folk må til bokhandlarar og antikvariat	s. 7
Olav Torheim:	Dresden-protestane: Rettsstaten sett ut or spel	s. 8
Olav Torheim:	Politi og media med raud laupar for vinstrekkstremer	s. 9
Lars Bjarne Marøy:	Bergensfilharmonikarane: Kunst på høgt nivå	s. 10
Ornella Winter:	Fransk vikingrock, punkrock, folkemusikk og metal	s. 11
Stig Andresen:	Det gamle Egypt og kongemakti - Part 2	s. 12
Kenneth Kiplesund:	Gåta Kaspar Hauser	s. 15
Bernard Lugan:	Elfenbeinskysten - kløyving einaste løysing?	s. 16

## Ung forfattar med dikt på Aasen-mål

Av Lars Moe

*Cornelius Jakhelln er ein forfattar som hev skrive diktsamlingi «Trisyn». Samlingi er skrivi på Aasen-mål. 6.11 2010 vart han spurd ut av Klassekampen.*

Intervjuet tek til med å slå fast at Språkrådet arbeider med ei ny nynorsk rettskriving. Det er naturleg nok slik det er, men det bør takast med visse tilmåtingar sidan Språkrådet gjer dette so godt som i strid med Kulturdepartementet sine krav um at ein skal taka burt skillet millom hovud- og sideformer, ikkje laga ei ny rettskriving.

Intervjuaren meiner òg at fyremålet er å semjast um ein "midtlinenynorsk". Vel, det er det nemndi og rådet nok vil, men instruksane frå departementet legg ikkje upp til dette, og mandatet til den språknemndsutpeika nemndi er ikkje ein gong eintydig i so måte. Di meir hev nemndi visst nok gjort um på oppdraget i samråd med styret, so her er det verd å uttrykkja seg meir varsamt, iallfall no i ettertid. Men, men, hovudpoenget er at den språkrådsutpeika nemndi og Språkrådet ikkje er veldig glade i i-målet.

Cornelius Jakhelln slær kor som er fast at han vil ha ein hardkjernenynorsk, eller "hardcore" som han sjølv kallar det.

Slikt skaper debatt. I Sogn avis hev det til dømes nyleg vore eit langvarande ordskifte um framtid i i-målet, den gamle nynorske skriftnormalen med i-endingar i hokyns- og inkjekynsbøygningar. I ein kronikk i avisa råder Jan Olav Fretland, fyrsteamanuensis ved Høgskulen i Sogndal, Språkrådet til å taka ut dei nynorske i-endingane. Men redaktøren av avisa og innsendarar av lesarinnlegg vil at det framleis skal vera rom for i-en i den nye rettskrivingi.

I intervjuet heiter det at eit argument i ordskiftet um rettskrivingi finst i bokhausten. «Trisyn» av Cornelius Jakhelln er ikkje berre skrivi på i-mål. Boki er jamvel skrivi på sokalla høgnorsk. Høgnorsk er nemningi på den klassiske 1917-normalen, ei rettskriving som ligg nært upp til originalen hjå Ivar Aasen", slær intervjuaren fast.

Det skal vera fyrste gongen på tretti år at Samlaget gjev ut ei diktsamling på i-mål. Sist det skjedde var det samlingi "Janglestrå" av Olav H. Hauge i 1980.

Jakhelln gjeng i intervjuet ved at han ikkje hev so lang røynsla med Aasen-målet som Hauge.

"Eg er ein næming i høgnorsk. Målet kjennest enno framandt for meg. Men det høgnorske prismet gjer det mogleg å sjå samtid i fråstand."

### «Trisyn»

Jakhelln hentar inngjevnad frå norrøn dikting og litteratur, og det er dei som hev kalla honom ein moderne Loke. Han er ikkje god å setja i bås og byter stendig ham, so um høgnorskbruken varar ved er vel litt tidleg å slå fast. I dei fyrste bøkene hans, diktsyklusen «Quadra Natura», finn ein bolkar på eit engelsk-norskt blandingsmål. «Gudenes fall», som kom ut i 2007 førde til at han vann den store nordiske romantevlingi um beste samtidsromanen. Denne boki er derimot skrivi på Kristiansand-dialekt, so slik Jakhelln vert umtala i intervjuet, kann ein sjå honom fyre seg som ein kameleon, so fær ein berre vona at Aasen-målet hev gjeve meirsmak.

Intervjuaren gjev honom ei utbjodning når han spyr:

"Er valet av høgnorsk berre eit utslag av den postmoderne viljen din til å leika med ord- og språkformer?"

Jakhelln svarar: "Nei, for ein urnorsk tematikk hev vore den raude tråden gjennom alle bøkene mine. Referanseråma mi er den norrøne bokheimen og gudelæra. Og no i «Trisyn» er eg ikkje berre norrøn i innhaldet, men i formi òg. Um talemålet mitt ligg langt undan høgnorsk, so er målformi likevel ikkje framand."

Forfattaren hev lese frå boki si på Kristiansand-dialekt, er det likt til, og etter upplesing var det einkvan som sa at "det lét som talemålet i Vennessla." Vennessla ligg berre 10-15 kilometer frå Kristiansand, fortel Jakhelln. Um bymålet mitt er ulikt, ligg høgnorsken og lurar i målføri i umeignen, held han fram.

«Trisyn» skil seg ut både ved eit høgnorsk innhald og ein stilistisk gjennomført bokbunad. Utteikningi av framsida og tilretteleggjingi av utformingi av boki er laga med mynster i prydbandutgåva av Ivar Mortensson-Egnunds «Edda-kvæde» frå 1928, fær me vita i intervjuet.

Jakhelln segjer elles at han likar den gamle nemningi landsmål like godt som høgnorsk. Det uttrykkjer han i eit kvæde i boki, «Hug for høgnorsk». Landsmål tyder landsens mål, alto målet åt folket. Landsmålet hev ein inderleg hått som riksmålet, det gamle embetsmannspråket i landet, tryt. Formi du skriv i, påverkar innhaldet i teksti. Riksmålet kann gjeva skrifti eit hovmod, hevdar Jakhelln. Han er alto uppteken av å vera knytt til noko sernorsk eller norrønt og det kjem att i at han er uppteken av det norrøne. Han viser millom anna til Olav Aukrust i Norrønasongen, der han segjer «Kvar er den urædde norrønahugen?».

Jakhelln er tilhengjar av norskdom i tydingi å dyrka den norrøne arven. Jorge Luis Borges, den store litteraten i det 20. hundradåret, sa at dei islandske sogone var Nordens viktigaste tilskot til verdslitteraturen. Korleis tek me vare på denne arven i Noreg, lyt ein spyrja seg. Jakhelln meiner at denne arven vert handsama som um nordmennene var stykmori til arven. Nordmenn veit diverre for lite og hev for liten godhug for kulturarven, slær han fast.


«Det norrøne innebærer ikke en nasjonal orientering, men snarere å være rettet utover», hev Jakhelln uttala. Denne spaningi finn ein òg i «Trisyn». Reiseskildringar frå Italia - og jamvel ein 1. mai-tale - stend sida um sida med hyllingar av landskapet på Island og den norrøne fortidi, fær me vita i intervjuet.

Jakhelln hev tru på framtid i for Aasen-målet. Han segjer: "Eg trur ikkje høgnorsken kjem til å kverva. Høgnorsk hev i større grad enn standardnorsk vokstervoner som mot-språk. Det gjeld ikkje minst for folk med same bakgrunn som meg. Nynorsk hev tiltrekkjingskraft i undergrunnskulturar, som til dømes svart metall-miljøet som eg ferdast i".

Svart metall er i dag den største kulturelle utførslevara åt Noreg, og kulturen tener soleis som ein viktig inngangsportal til det norsk språket, strikar Jakhelln under i intervjuet.

Slike miljø er ikkje oppglodde for den vassgraute Språkrådet kokar saman. Me vil ha fysnematen. Me vil ha høgnorsk hardcore, slær Jakhelln fast

Det kann verta spanande å sjå kva Jakhelln finn på i framtid, og Målmannen skal freista å fylgja med honom vidare i forfatterskapen.



**Hugsa bladpengane for  
2011!  
Giro er stifta inn i bladet.**

## Leidar

Av Lars Bjarne Marøy

Det er sanneleg ikkje lett å halda styr på kva som skjer i norsk målpolitikk, iallfall når det gjeld arbeidet med nynorsknormalen. Nynorsknumeringi hev vore snutt på hovudet so lenge at det meste

ein freistar å rydja opp i verkar radt vonlaust. Det ser likevel ut til å vera eit mynster i det heile. Kulturdepartementet

kjem med klåre målpolitiske utsegner, og ulike stortingsmeldingar og andre utspel frå departementalt hald kann tyda på at ein ynskjer meir samanheng og stabilitet i normeringi.

På den andre sida gjeng det fyre seg ein æveleg umkamp millom målfolk som hev tru på at normeringi er vegen vidare for målet. Aasen-målet hev havt djerve stridsmenn i snart hundrad år, og dei hev stride imot utgliding og for ein eintydig nynorsk i pakt med det beste frå Ivar Aasen.

Departementet hev freista å stella seg yver denne umkampen, men Språkrådet skal fulla finna på noko sermerkt med nynorsken. I fyre nummer såg med at Språkrådet på fleire punkt gjekk imot eller uttalar seg onnorleis enn departementet. I dette nummeret skal me gå nærare inn på korleis Riise-nemndi i det heile kunde verta til.

Det me vel kann slå fast er at fagfolki kom til kort i 2002, likevel hev utgreidingi um nynorsknormi av 2002 fylgt med som ein slags skugge i bakgrunnen av normeringi og vorti dregi fram i ulike høve. Tanken um at ein kann setja tal på målbruken og finna fram til den retteste målformi gjenom talyversyn eller statistikk, er noko som hev kome sterkt fram i Språkrådet. Etter vårt syn byggjer dette på solid sosialisme, og det tankesettet vert rangt. Både tyskarar og sovjetarar elskar å laga yversyner som skulde hjelpa ein med planlagde hendingsrekkjor fram yver, men målbruk verkar ikkje på den måten.

Arvid Langeland syner kor skeivt nemndi hev kome ut når han peikar på at setningi - Me ynskjer velkomen - kann skrivast på 16 ulike måtar, samstundes som den språknemndsutpeika nemndi kuttar ut valfridomen millom i-mål og a-mål. Kva er det som skapar mest uregida? I-endingar? Eller 16 ulike umbytte

måtar å skriva tri ord på? Me er ikkje i tvil. Nemndi hev rota seg burt i statistikk, og det finst visstnok tri former for lygn: Lygn, forbanna lygn og statistikk.

Nemndi skjer burt ein del lite bruka former, heiter det seg, men det er vel ikkje det som er vandumålet. Lite bruka former skapar ikkje vanskar for lesarar og skivarar. Det er vel heller dei som ein ser mykje av som kann skapa hovudbry.

Dersom språkrådsstyret skulde ha fylgt dei klåre tilrådingane frå departementet, vilde Riisenemndi måtta ha fenge eit klårare oppdrag frå Språkrådet. Språkrådet skal verna um dei rettane den einskilde borgaren hev når det gjeld bruken av språket, heiter det i retninglinone til Språkrådet. Men det er dønn umogleg å oppfylle dette oppdraget til punkt og prikke um ein ikkje tek utgangspunkt i at ein må samla seg um ulike hovudleider som den einskilde språkbrukaren kann slutta seg til. Du kann ikkje få til ei lik norm for alle norske språkbrukarar, og sumtid er det ikkje ein gong ynskjeleg.

Det ein derimot kann gjera er å skifta millom fleire normalar på ein tydeleg måte. Lærebøkene talar alt i dag um radikal, moderat og konservativ nynorsk, og det er tri innarbeidde normalar som er kjende av mange språkbrukarar, skiftingi hev gjort tenesta i skulen i mange år. Dersom ein legg upp til ei slik skifting med langttid mindre valfridom i einskilde drag, vil ein tryggja seg at mange språkbrukarar kjenner seg att, men at ein del må leggja av seg formval som ikkje lenger kjem til å vera tilrådde i ordlista.

Kuttar ein til dømes ut duble medljodar (konsonantar) i setningsdømet - Me ynskjer velkomen - vil det verta færre val, men lettare å få yversyn: "Vi ønsker velkomen" i radikal nynorsk, "vi ynskjer velkomen" i moderat og "me ynskjer velkomen" i konservativ nynorsk. Då rydjer ein upp i kaoset i den sokalla midlinenynorsken, samstundes med at ein tek vare på både dei som vil ha ein bokmålsnær nynorsk og dei som vil ha høve til å velja ei meir nynorsk løysing. På same tid finst framgangsmåten alt

## Målmannen

**Utgjevar:**  
Samorganet Målmannen

**Tilskrift:**  
Målmannen  
Njårds veg 10  
2214 Kongsvinger

**Bladstyarar:**  
**Olav Torheim**  
Epost: olaveth@gmail.com  
Tlf: 004917632346964  
Skype: fivreltd25

**Netstad:**  
<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktørplakaten!*

utlagd i lærebøker og opplæringsstfang som er kjend for mange. Skal ein tenkja slik må ein kutta ein slump i former som er i allmenn bruk, men ein tryggjer rettane til språkbrukarane gjenom at dei kann velja millom tydelege normer som vert lettare å læra. Det er betre enn å laga ei norm som skal jamna ut ytterkantane. Det skapar større stabilitet og gjev eit godt grunnlag for dei fleste språkbrukarane til å finna seg nokolunde vel til rette..

Handfaste løysingar gagnar språkbrukarane meir enn flotte ord um breiddt talemålsgrunnlag, folkeleg appell og former som er i allmenn bruk. Og kva det no er alt saman. Lat oss få noko som kann vara og som alt er innarbeiddt og ikkje endå ein freistnad på å innføra samnorsk. Kort og godt tri lovlege normalar med mindre valfridom enn i dag. Lat alle få noko, og me vil gjerne ha slege fast ein gong for alle at Aasen-formene framleis kan nyttast, serleg når samnorsken ikkje er dagnær målpolitikk lenger.



**NYNORSK  
ANTIKVARIAT**  
www.nynorskantikvariat.no



**Nynorsk Antikvariat AS**  
Hulgata 11  
4900 Tvedestrand  
**Telefon** 37 16 66 66  
**E-post:** [tinging@nynorskantikvariat.no](mailto:tinging@nynorskantikvariat.no)

**Antikvariatsbokhandlar**  
**Arne-Ivar Kjerland**  
**E-post:** [Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no](mailto:Arne-Ivar.Kjerland@nynorskantikvariat.no)  
**Mobil:** 928 29 098

## Riise-nemndi i utakt med målpolitikken på 2000-talet

Av Lars Bjarne Marøy

*Soga um norsk målpolitik og korleis Riise-nemndi vart til i strid med avskippingi av samnorsklina, er lang og tilflokt. Forfattaren freistar å forklåra henne.*

I fyrre nummer av Målmannen peika me på nokre hovudlinor i arbeidet kring norsk målpolitik. Den gongen hadde me ikkje fenge høve til å sjå på serleg mykje av det som hadde hendt dei siste åri meir ned i einskildhendingar, og det hev sanneleg vore hendingsrike år med mange umskifte. Me kann likevel slå fast at tvo ting stend fast som mælestavar i målpolitikken. Det eine er at det er eit yverordna mål frå styresmaktene å normera nynorsk og bokmål som tvo sjølvstendige språk. Det andre er at det er eit mål å tryggja større stabilitet i rettskrivingi for nynorsken.

Men korleis ser styresmaktene på det arbeidet som gjeng fyre seg i Språkrådet i dag? Språkrådet hev heile vegen vore huga på å koma med utspel når det gjeld endringar i nynorskrettskrivingi, men det hev teke tid å få den nye språkpolitikken på plass. Fyrst måtte ein koma med eit nytt språkråd av di ein meinte den gamle skipnaden ikkje tryggja god nok stabilitet. Politkarane ynskte å koma burt frå at det vart fatta vedtak i einskildsaker, og yver til at det vart teke grep um normeringi av heile nynorsken under eitt, dei vilde at rettskrivingi skulde verta avgjort ein gong for alle, for so å verta standande lenge.

Lykjelen til å skyna kva departementet vil leggja vinn på i høve til arbeidet i Språkrådet ligg i eit brev som vart sendt frå Kulturdepartementet til Språkrådet 17.09 2009. Her summerar departementet upp kva som er nytt etter at Stortingsmelding 35 Mål og meining (2007-2008) (St. melding 35) hadde kome og vorte dryft i Stortinget. Meldingi var igjennom i Stortinget i april/mai 2009, og so hev departementet bruka tid på å setja saman kva som no er rettesnori i målpolitikken, og kva Språkrådet soleis må retta seg etter.

Det løner seg also å lesa dette brevet nøgje, men fyrst må ein sjå på grunnlaget for norsk målpolitik, slik som det hev vorte lagt dei siste femtan åri med utgangspunkt i St. melding 35.

### Knesetjingi av sjølvstendig, best mogleg og større stabilitet

St. melding 35 tek elles fyre seg tanken med at ein tok burt det gamle Norsk Språkråd utfrå ei onnor tilnærming enn berre tanken um større stabilitet:

“Noko av bakgrunnen for omdanninga av Norsk språkråd med tilhøyrande bortfall av tidlegare normeringsfullmakter har vore eit ønske om å konsentrera meir innsats og større merksemd om andre språkpolitiske spørsmål enn dei tradisjonelle rettskrivingsspørsmåla. Mellom anna i kulturmeldinga frå 2003 vart det såleis vist til at språkvern og språkstyrking i vid meining, saman

med tradisjonell språkrøkt, står fram som meir påtrengjande oppgåver.” (8.4.2 Norsk normeringspolitikk 1997–2005)

Frå vårt hald er det naturleg å rekna dette for ei opning mot at ein kann koma til å leggja meir vinn på både å hjelpa fram meir nynorskbruk og betre nynorsk bruk, heilt i samsvar med Stortingsmelding 13 (1997-1998) som gjev ord for at nynorsken må få utvikla seg på beste måte. Kulturmeldingi av 2003 er heilt eintydig på stabiliseringslina:

“I tråd med denne føresetnaden vart det i kulturmeldinga frå 2003 uttalt at norsk rettskriving skal stabiliserast, dvs. at ein så langt råd er, skal unngå nye og hyppige endringar i gjeldande rettskriving, både meir omfattande reformer og årvisse justeringar i enkeltspørsmål. Dette slutta Stortinget seg til.”

Alt i 2002 hadde tilnæringsparagrafen til Språkrådet vorte avskipa, heiter det i St. melding nr. 35:

“I 2002 vedtok Stortinget samrøystes å oppheva også denne tilnæringsparagrafen, jf. Ot.prp. nr. 95 (2001–2002) og Innst. O. nr. 3 (2002–2003). Saka var tidlegare omtalt i St.meld. nr. 9 (2001–2002) Målbruk i offentleg teneste, der det mellom anna vart uttalt at det å oppheva denne lovparagrafen ville vera ei viktig symbolhandling og innebera ei endeleg stadfesting av at den såkalla tilnæringslinja i forholdet mellom bokmål og nynorsk ikkje lenger er aktuell normeringspolitikk.”

Eigenleg var tilnæringsparagrafen ute or dagsnær målpolitik alt frå Stortingsmelding 13 1997-1998. For der vart det gjeve klår tale for at tilnæringspolitikken skulde avskipast, men so stend det noko meir i same tekstsamanhengen, for ein slær fast at det ikkje berre er slik at tilnæringspolitikken ikkje er vår tids målpolitik, den held fram med å segja kva det fører med seg at tilnæringspolitikken ikkje lenger er vår tids målpolitik, og det hev nok ikkje vorte like mykje påansa som det burde.:

“Det inneber at i staden for å leggje vekt på utviklingstendensar som på sikt kan føre dei to målformene saman, blir måldyrkingsarbeidet snarare knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg. I tillegg til å sikre individuelle språkrettar både for nynorsk- og bokmålsbrukarane bør reglane for offentleg språkbruk også utformast og praktisert slik at dei kan vere med på å sikre det mangfaldet som dei to offisielle målformene representerer i norsk kultur- og samfunnsliv.»

Når ein ser på kva Aasen-målet hev stade for når det gjeld viktuge kulturytringar upp gjennom tidene i musikklivet, i litteraturen og på andre umkverve, so er det rart at det ikkje er einkvan som hev merka seg ordlyden um å tryggja den delen av mangfeldet som Aasen-målet hev stade

for i det norske kultur- og samfundslivet. Det er verd å bita seg litt fast i eit slikt synspunkt, fyre me gjeng vidare.

Um me so hoppar fram att til 2005, ser me at Kulturdepartementet endå ein gong er ute og slær fast den prinsipielle tilnærmingi i norsk målpolitik.

16. februar 2005 sende Kulturdepartementet brev til Språkrådet der dei slær fast at det ikkje er ynskjeleg å endra normsystemet i nynorsken fyre ein ser at ein kjem fram til ein normal som kann verta ståande i lang tid:

«I denne situasjonen har departementet kome til at det ikkje er tilrådeleg å skipla den stabiliteten som gjeldande rettskriving trass alt representerer. Før ein eventuelt gjennomfører større endringar i nynorsk, må ein også her vera nokolunde viss på at resultatet blir ein rettskrivingsnormal som kan stå uendra i lang tid framover.»

No hev me also fenge inn best mogleg utvikling og større stabilitet som knesette politiske mål frå St. melding 13 1997-1998, vidare gjennom brev frå departementet til Norsk språkråd des. 2000, gjennom avskippingi av tilnæringsparagrafen, gjennom kulturmeldingi av 2003 og gjennom skipingi av Språkrådet i 2005. St. melding 35 slær dette fast endå ein gong 2007-2008. Normuppybygningen skal also vera slik utforma at han kann verta ståande i lang tid.

Alt i 2007 hadde Språkrådet på styremøte 13. september 2007 kome til at det vilde taka upp att arbeidet med nynorsknormi. I vedtaket heitte det at det var gjort under fyresetnad av godkjenning frå departementet.

Departementet ville ankra det vidare arbeidet med denne saki i Stortinget. Departementet skriv: “Dette må sjåast på bakgrunn av at saka har ei lang og vanskeleg forhistorie, og at spørsmålet om revisjon av nynorsknorma framleis synest å vera omstridd. Det er naturleg å sjå saka i ein større språkpolitisk samanheng. På denne bakgrunn gav departementet beskjed til Språkrådet i brev av 13. november 2007 om å venta..”

Departementet vilde difor greida ut saki og ha henne fyre i Stortinget og vera viss på at flest mogleg skulde ha høve til å uttala seg osb.

I St. melding nr. 35 vert det gjort ei dryfting av ulike sidor ved normeringi av nynorsken som då må sjåast på som ein freistnad på å styra Språkrådet i rett leid i høve til hovudmåli i språkpolitikken.

### Stortingsmelding 35

Mykje av det som hev flokt seg til når ein skal laga ein skipnad der ein ikkje lenger skil millom hovud- og sideformer i nynorsken er at at statusskiljet millom hovudformer og sideformer stend for ein oppbygning med stor skifterikdom der ein kann semjast um stor og liten valfridom.

St. melding 35 sannar at:

“Dersom ei norm skal strammast inn, er det naturleg at det kan vera usemje om kva former som skal takast ut av norma. Det er lettare å gje visse former redusert status ved berre å ta dei ut av læreboknormalen. Då kan dei framleis brukast i dei fleste samanhengar – av dei som ønskjer å setja eit personleg preg på skriftspråket sitt med utgangspunkt i dialektbakgrunn eller språkideologisk ståstad.”

Grunngjevingi for ei vid rettskriving med graderte former er at det tek vare på dialektmangfaldet og at ein skal kunna skriva talemål snært, heiter det i stortingsmeldingi. Meldingi legg vekt på at ein kann finna ein personleg stil innanfor ei breid rettskriving, og det gjev som meldingi segjer grunnlag for: “språkleg identifikasjon og sjølvkjensle og kan på den måten også vera med og stimulera så vel uttrykksbehov som uttrykksevne.” Det er det ein i målrørsla vil kalla ein vanleg dialektargumentasjon med røter tilbake til 1970-talet. Det er denne oppkløyvingi som hev ført til bokmålisering og den vanstoda som nynorsken er i i dag med vantande samlingsgrunnlag.

Meldingi dryfter målføretankegangen med å peika på at den kann strida med grunngjevingar for å letta opplæringi. Meldingi segjer at:

“ei norm med liten valfridom som dermed blir brukt om lag på same måten av dei fleste, er meir oversiktleig og kan slik sett vera enklare å læra og å bruka. Mange meiner at det er det visuelle førebiletet som best fremjar skriveopplæringa, dvs. at lesinga er med å prenta inn skriftbiletet. I så fall kan det vera uheldig å møta det same ordet skrive snart på den eine måten og snart på den andre, eller at elevane sjølve skal skriva annleis enn dei formene dei møter i lærebøkene.”

Ei onnor grunngjeving for skriveopplæringi som meldingi legg vinn på er at det krev: “god innsikt i eige språk å vita kva former ein skal velja. Jamvel om ein kan bruka former innanfor norma som samvarer heilt eller delvis med eige talemål, vil det aldri vera fullt samsvar. Ein må heile tida læra seg kvar grensene går mellom eige talemål og normrett skriftmål. Då kan det henda at den store valfridommen fører til at språkbrukarane blir usikre, at dei stadig må slå opp i ordlista, at dei ikkje får utvikla eit snøgt og automatisert skriftspråk. Særleg kan valfridommen verka overveldande for dei som har nynorsk berre som sidemål. Resultatet kan bli at mangfaldet hemmar i staden for å frigjera.”

Her vender meldingi attende til målføretankegangen og fyreset ikkje at nynorsken må kunna lærast som eit sjølvstendig mål, so og segja eit framandspråk eller eit lesesmål. Det er ei tilnærming som òg bør kunna leggast fram. Gjenom fastlagde reglar og spreiding av ei fylgjestreng norm gjeng det til dømes an å læra seg høgnorsk, trass i at målformi berre hev ovra seg i nokre svært fåe skrifter i vår tid. Ein kann læra seg målet gjennom faste språkmøte yver tid. Dette er ein tankegang som meldingi ikkje let til å tenkja seg. Det skulde vera endå større grunn til

å tru at nynorskelevar som yver lang tid les nynorsk, må kunna utvikla ein slags lesetame i språket som dei tek omsyn til når dei skriv. Eit normbunde talemålsideal eller eit språk som ein les høgt for seg sjølv.

### Frå samnorsk- til Aasen-tradisjon, ikkje umvendt

Meldingi meiner at det er i “samsvar med nynorsk tradisjon og ideologi at det skal vera høve til å skriva ein offisielt godkjend nynorsk med rom for regional og individuell variasjon.” Ein må verkeleg bita seg i lippa når ein høyrer dette. No hev alto regelloysone i nynorsknormeringi vorte til noko hevdvunne. Det minnar meg um det svaret me fekk i Vestlandske Mållag då me skreiv til Samlaget og klagja på den einsidige målbruken med millom anna e-infinitiv. Då svara Samlaget at dei hadde førti års tradisjon for å bruka det målet dei bruka. Ja, me som skriv på Aasen-målet me hev 150 til 160 års tradisjon for vårt mål, ingen let til å bry seg um det.

Det er beint tragisk når meldingi skriv um: “spenningsforholdet mellom på den eine sida den tradisjon og ideologi som har bore nynorsken fram, og på den andre sida dei strategiske utfordringane som møter eit mindre brukt språk med så liten språkleg avstand til det dominerande fleirtalsspråket som tilfellet er for nynorsk.”

Valfridomen hev bore nynorsken fram. Det er då fullstendig feil. Det som bar nynorsken fram var ev. at elevar måtte ha nye lærebøker i 1917 og 1938, og på den tidi var det ein temmeleg stabil Aasen-norsk som rådde grunnen, jamvel etter 1938, ein nynorsk som hadde klåre band til Aasen-målet. Etter krigen hev det ikkje vore stabilitet, og det er utgreidingi i St. melding 35 klår på, so her er meldingi i strid med det som er det viktigaste og mest grunnleggjande målet i normeringi, at ein skal burt frå manglande stabilitet og uppnå aukande stabilitet. Valfridomen hev ikkje bore nynorsken, men øydelagt stabiliteten, og det er framfor alt tilnærmingi til bokmålet som er skuld i dette.

Det er slege eintydig fast at tilnærmingslina i norsk målpolitikk ikkje lenger er gjeldande politikk, og nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag. Då vil det i røyndi segja at dei bokmålsnære formene med full rett kann strukast. Resten av stoda er uavklåra for det ein då stend att med er hevdvunne nynorskformer og former som var tenkte som tilnærmingformer, men som aldri slo tungt igjenom i bokmålet. Desse ordi og formene hev vore nytta mykje på grunn av den statlege normeringspolitikken, og avløyste Aasen-formene med tvang. Dei hev ikkje bore uppe serleg mykje, for nynorsken hev gjenge jamt og sakte tilbake frå 34 prosents oppslutnad i 1944 til 15 prosent i dag. No kann ein ev. sjå um ikkje Aasen-formene vil kunna få vind i segli, eller um avløysingsformene vil halda fram med å ha heile yvertaket slik som no. Dei fleste trur det siste, so kva som er vandemålet skynar me ikkje heilt.

### Målmannen og EU

Ein lesar spyrr um Målmannen, med det nye fokuset på aktuelle tema ute i Europa, hev endra syn på EU-spursmålet. For å svara på spursmålet, må ein fyrst attende til det grunnleggjande spursmålet: Kvifor er målsak viktugt i det heile?

Upp gjenom generasjonar hev målet vårt langsamt vorte filt og slipt til å verta den best moglege uttrykksformi for eit folk som vårt. I språket vårt gøymer det seg kjenslor, draumar, våre inste lengslar... Språket er fremste beraren av vår måte å tenkja og liva på på, stutt sagt kulturgrunnlaget vårt.

I dag er dette kulturgrunnlaget truga. Og at det handlar um meir enn berre det norske, det er klårt nok når ein hev reist litt ikring i Europa. Me europearar ser dei same problemi og dei same utbodingane, anten me er i Oslo, i Paris eller i Frankfurt. Masseinnvandring av kulturar som stend langt undan vårt verdeggrunnlag, det hev sensibilisert oss slik at me ser at det er meir som samlar enn som skil.

Kva er det europeiske? Er det ikkje nett eit stort mangfelde av identitetar og kulturar, frå stødige og trauste nordmenner og svenskar, og litt stive og autoritetstrugne tyskarar, til frilynde og avslappa franskmennar og spanjolar? Me vil taka vare på alt dette, men for å kunna klara dette i dag so må me ogso samarbeida. Det er som med målstoda i Noreg: Insisterar kvar målmann på å einast fremja sin eigen dialekt framfor normaltalemål, so endar me med å tapa alt..

Ikkje mistyd oss, me er no som tidlegare for eit Europa av frie nasjonar, og ingenting stend oss fjernare enn å stydja upp um det "Europa" som vert påtrykt oss av byråkratane i Brussel. For det er eit fritt Europa me vil ha, ikkje eit byråkratisk Europa der multikultur vert instrumentalisert for å bryta ned motstandskrafti åt nasjonalstatane. Derimot kann det vera naturlegt at dei europeiske nasjonane søkjer samarbeid um å løysa problem som trugar vår europeiske eigenart. Til dømes betre samarbeid um å vakta grensone våre mot dei nye folkevandringane som me ser i dag frå Midtausten og Nord-Afrika.

**Dvergemålet**

**Frå målførevilla til ulike hovudnormalar?**

Meldingi legg vinn på målføretankegangen og brukar honom som grunngeving for vid valfridom. So kjem meldingi inn på at det er vandt å utnytta valfridomen fullt ut og skriv um fylgjor for skriveupplæringi i samband med normeringi:

“På den andre sida kan det hevdast at det først og fremst er dei profesjonelle og språkmedvitne skrivarane som er i stand til å realisera idealet bak valfridommen. Ei nynorskopplæring som utnyttar det spelerommet som formvariasjonen byr på, stiller store krav til normoversikt og pedagogiske evner hos lærarane.”

St. melding 35 slær so fast at:

“For det store fleirtalet av språkbrukarar kan det henda at ei klarare og meir eintydig norm vil gjera det lettare å innprenta skilnadene mellom nynorsk og bokmål og dermed å halda dei to målformene frå kvarandre i eiga skrivning. Det finst også undersøkingar som indikerer at normvariasjonen gjer brukarane usikre, og at ein god del av dei som byter hovudmål frå nynorsk til bokmål, gjer det fordi dei har problem med nynorsk rettskriving og formverk.

Nynorskrettskrivinga vedkjem også dei meir usikre språkbrukarane. Ho vedkjem alle dei som lærer nynorsk som sidemål i skulen, og dei av desse som skal skriva nynorsk som tilsette i offentleg teneste. Spørsmålet er i kor stor grad ein også bør leggja vekt på slike pedagogiske omsyn i normeringsarbeidet.”

Det er ingen tvil um at ein ikkje kann læra mange ymsande rettskrivingar. Ein må koma fram til ei rettskriving og nokre kjerneval må takast for at det skal lata seg gjera å skriva nynorsk. Dei fleste vel truleg å halda seg mykje til målføret på heimstaden, men det er ikkje visst at alle vil gjera det. Det som utan tvil sløver ned og fløker til skrivningi for dei som skal skriva nynorsk, er blendingi millom Aasen-former og bokmålslike former. Det er ikkje slik at ein kann velja seg ei leid i rettskrivingi som ein kann halda seg til fylgjerett, for vil ein skriva bokmålsnært, kjem ein i strid med krav til ein slump former som er utprega nynorskformer, og vil ein skriva hevdvunne, kjem ein i strid med tilnæringsformene. Lærarar og andre som vil finna fram i kvervelen av ulike former hev valt å laga eit skilje millom bokmålsnær nynorsk, moderat og konservativ nynorsk. Denne tilskjeringi er ei tenestegjerande innskifting. Rettskrivingsinnskifting i millom anna skulebøker hev fylgt eit slikt mynster, tilliks med lærebøker og andre tilretteleggjingar i skriveupplæring. At ingen hev tenkt på å gjera slike normalinnskiftingar gjeldande i samband med normeringi av nynorsken, er eit teikn på at opplæringsumsyn hev havt liti vikt på viktiskåli åt Språkrådet.

**Sannar bokmålsynder**

Det er gledeleg at Språkmeldingi stadfester so tydeleg at stabilitet i normeringsarbeidet er vår tids målpolitikk. Den held òg fram med å peika på noko som normeringsutgreidingi til Norsk

Språkråd tok upp: at det var ikkje målføreformer som kom inn i nynorsken. Det var former som anten var bokmålsformer eller var tiltenkte å vera bokmålsformer. Slik sett er St. melding 35 tydeleg på at dette hadde uheppne fylgjor, og ein skulde gjerne ha sett at meldingi hadde vore endå tydelegare i å avvisa slike mistydingar. Meldingi opnar i røyndi for at ein kann gå svært langt i retning av å taka innatt klassisk nynorsk ordtilfang, um ein vil.

“Den valfridommen som voks fram på 1900-talet, hadde elles ikkje berre som mål å koma eit vidare spekter av dialektformer i møte. Det var også eit reformstrev som gjekk ut på å samordna bokmål og nynorsk innanfor ei tilnæringslinje. Som det er gjort greie for under kap. 8.4.2.2, har Stortinget ved fleire høve stadfesta at slik tilnærming ikkje lenger er aktuell politikk. I dag kan ein difor på friare grunnlag normera dei to norske skriftspråka våre slik at deira eigen identitet blir klarare markert.”

Meldingi peikar òg klårt på korleis bokmåliseringi er til stor ugreda for at ein fær sjå fullgod nynorsk i bruk. Ho finn åt målbruken til millom anna nynorskbrukarar i media:

“Eit tilnærma normalisert nynorsk talemål kan høyrast i manusbundne program i radio og fjernsyn, men elles er det i dag svært få av dei som opptrer i det offentlege rommet, som kan seiast å bruka eit nokolunde normrett nynorsk talemål. Svært mange av dei som reknar seg som nynorskbrukarar, har i talemålet sitt eit markert innslag ikkje berre av dialektformer, men også av talemålstrekk og ordtilfang henta frå normalisert bokmål.”

**Appellera til breide grupper**

St. melding nr. 35 gjer det klårt at ein ny gjennomgang av nynorskrettskrivingi med sikte på endringar vil reisa fleire spursmål til um ein skal avskipa skiljet millom hovud- og sideformer, kor stor valfridom det skal vera innanfor det ein kann tenkja seg som ein ny oppbygning utan eit slikt statusskilje og endeleg kva former som skal takast ut or normi, og kva former som skal verta verande i den grad ein stramar inn. Departementet legg vinn på at Noregs Mållag hev skift syn frå 2002 til 2008, og no vil gå inn for å avskipa skiljet millom hovud- og sideformer av di dei vil at den nynorsken ein lærer seg å skriva i skulen, skal vera ein nynorsk ein kann nytta seinare i livet.

St. melding 35 avsluttar med å segja at departementet ikkje set seg mot at Språkrådet set i gong med ein gjennomgang av rettskrivingi, men legg til at:

“Det må likevel leggjast til grunn at nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar.”

**Stortingsopposisjonen for fridom i språkbruken**

Etter dette gjekk saki til Stortinget og kom fyre i Kultur- og kyrkjenemndi. Her var det fæe merknader, men stortingsmennene frå Frp, Krf og V ytra seg:

“Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet merker seg med stor glede at meldingen fastslår at tilnæringspolitikken (at bokmål og nynorsk skal normeres på en slik måte at de over tid nærmer seg hverandre) ikke lenger er aktuell. Disse medlemmer konstaterer at tilnæringspolitikken er "død og begravet". Dette er en riktig beslutning av hensyn til målformenes identitet, til tradisjon og kontinuitet i kulturlivet, til målformenes lærbarhet og til den tekniske utvikling med stavekontroller, oversettelsesprogrammer og talegjenkjenning. Dessuten er ikke tilnærmingstanken død fordi om den ikke lenger er myndighetenes politikk.

Disse medlemmer mener normeringen ikke bør være "ledende". Nye former trenger tid før de bør innføres, og da gjerne normeres som valgfrie sideformer. Lite brukte former bør tas ut etter moden overveielse, eller gis en mindre fremtredende plass.

Disse medlemmer mener språknormering i størst mulig grad bør være verdinøytral og ikke la seg bruke i politisk hensikt. Normeringen bør preges av ro og stabilitet, mer enn mote og verdibaserte vurderinger.”

Medlemene i nemndi frå Kristeleg Folkeparti og Venstre meiner at endå um tilnæringspolitikken no ikkje lenger er dagsnær, so må ikkje det ha den fylgja at "folkelege" former ikkje vil kunne bli brukt i tillegg til dei meir konservative formene i språket, jamvel i bokmålet.

**Språkrådet ivrar for ny normeringsframstøyt**

Etter at saki hadde vore uppe i Stortinget, spurde so Språkrådet Kulturdepartementet til råds um dei kunde få gå i gong med ein gjennomgang av nynorskrettskrivingi, og då svara departementet i brevs form 17.09 2009. Dinæst sette språkrådsstyret ned mandat for Riise-nemndi.

**Riise-nemndi på villspor**

Det er grunn til å spyra seg um Riise-nemndi fullt ut hev teke umsyn til dei utspeli som hev kome fram millom anna i Språkmeldingi. Tri umsyn hev vore sermerkte for målpolitikken på 2000-talet. Tvo er heilt soleklåre:

1. Nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag.
2. Ein skal tryggja stabilitet.
3. Bokmålet hev greidt å sløyfa skiljet millom hovudformer og valfrie former. Ein skulde tru at nynorsken skulde kunna gjera det same, utan at ein treng koma i utakt med breide grupper.

Det er liten grunn til å tru anna enn at ei løysing som ikkje tek umsyn til den bokmåliserte nynorsken, vil skapa ein skilnad millom svært utbreidd nynorskbruk og den nye normalen. Ynskjer målfolk å gjeva til kjenne at det er eit so tydeleg skilje millom ulike målbrukarar?

På den andre sida stend Aasen-formene i røyndi langt sterkare enn Riise-nemndi hev vore viljug til å gå med på. Tekstutdrag frå nynorsk litteratur frå 1860-talet og frammyver femner svært ofte um Aasen-former og verdslitteraturen er ofte umsett frå klassiske mål til mål med Aasen-former. Nynorske salmar hev likeins vore bruka av svært mange språkbrukarar. Å laga ein slags midtlinenormal som nemndi ynskjer, er å leggja seg på ei bokmåliseringlina. For dei av oss som hev lese samlagsbøker er det liten tvil um at nynorsken kjem til å liggja nært opp til bokmålet, so snart Samlaget fær høve til å bruka deim. Det er soleis ein myte at det er tale um ein midtlinenynorsk. Det er heller fare for at normalen vil føra til snikbokmålisering gjennom å taka ut endå

fleire Aasen-former frå samlagsnynorsken. Dei som hev gjenge gjennom dei nye formene, meiner at det som fyrr var lærebokformer var meir i pakt med Aasen-målet enn dei valfrie formene som no vert auka opp til hovudformer i framlegget frå Riisenemndi. Det vert difor tale um ei nybokmålisering og i praksis ein ny samnorsk.

Me i Målmannen meiner at det må vera ein god tanke at nynorsken samlar seg um tri ulike normalar. Ein bokmålsnær, ein moderat og ein konservativ. Dei tri kann dragast ut or gjeldande rettskriving og ord og former i ordlista kann hevjust ut tydeleg etter kva normal dei høyrer til. I røyndi vil dette tryggja både valfridomen og kravet um stabilitet, og skipnaden vil kunna

gagna nynorsken yver lang tid, utan at den bryt for sterkt med det som hev vore stoda fram til no. Den vil òg gjera at ein nærmar seg den stoda som er i bokmålet, og det vil gjera det lettare for alle som skal skriva nynorsk som sidemål. Dei vil kunna velja millom jamstelte bøygningsformer, og dei fær det lettare når dei skal finna fram til kva som er lovleg rettskriving.

Riise-nemndi vart til gjennom språkrådsihuge etter å fikla med målet. Departementet var avventande i Stortingsmelding nr 35 (Mål og meining). Det er liten grunn til å meina at Språkrådet hev bruka det handlingsromet dei fekk på ein klok måte. No må politikarane visa at dei kann styra Språkrådet og ikkje halda fram den politikken dei hev vilja avskipa.

## Grete Riise: Aasen-folk må til bokhandlarar og antikvariat

*Leidaren for den språkrådsutpeika målneemndi, Grete Riise hev uttala seg fleire gonger til pressa, m.a. Klassekampen og eit stykkje som hev stade i Stavanger Aftenblad.*

I ein reportasje i Klassekampen 9.11 2010 tek avisa upp stoda for i-målet etter at den språkrådsutpeika nemndi hev byrja å gjera seg til talsmann for å luka ut radikale og konservative former, i strid med påbod frå Kulturdepartementet.

Det vert slege fast at ein ny nynorsk normal er undervegs, og bladmannen peikar på at mange tek til motmæle mot at nemndi so langt hev tilrådd at i-målet skal takast ut or den rettskrivingsnormi dei vil gjera framlegg um. "Forma er ikkje liv laga", segjer leidaren for nemndi Grete Riise.

Nemndi dreiv i november med ei rad vedtak er det likt til, for Riise peikar på at: "Det er vorte gjort førebels vedtak om å fjerne i-målet frå rettskrivinga".

Intervjuaren segjer at: "Eit argument i debatten formar diktsamlinga «Trisyn» av Cornelius Jakhelln som nyss er komen ut. Ho er skriven på såkalla høgorsk, der i-målet er det fremste kjennemerket."

Intervjuaren spør beint fram: "Kvifor skal i-målet takast ut av rettskrivinga?"

Riise svarar: "Vi finn forma nesten ikkje att i skrift lenger. Sant nok finst det enkeltpersonar som nyttar i-målet, men i det store og heile blir denne nynorskvarianten ikkje bruka lenger, sjølv ikkje i område som har i-endingane i dialekten sin, fortel Riise.

Forma er dermed ikkje levande nok for den nye normalen. Vi er ute etter dei formene som har festa seg etter 150-års nynorskbruk."

Men Riise legg vinn på at det berre er tale om fyrebilse vedtak, heiter det i intervjuet. Og um ikkje uvissa er stor nok frå fyrr av, so fær me i dette intervjuet vita at ikkje berre skal nemndi gjera einskildvedtak som dei hev drive med på ei rad styremøte, ho skal òg leggja fram

eit vedtak til ny rettskriving i utkastform i desember. Men det endelege vedtaket skal koma av alle dagar 1. april, slær Riise fast, og det er visstnok ingen aprilspøk.

Intervjuaren spyr ut Riise um hennar eige mål, og han peikar på at ho sjølv hev eit målføre med mange Aasen-former.

"Eg trur dei fleste språkbrukarane opererer med eit skarpt skilje mellom tale- og skriftspråk. Eg seier «gjeng» og «stend» og skil mellom sterke og linne hokjønnsord, men eg har aldri opplevd det som sjølvsagt at desse formene skulle med i skrift. Det som har vore den styrande faktoren for kva former eg brukar, er kva rettskriving eg lærde meg i skulen. Alt i 1938 slutta skulane å undervise på i-målet. "

### Slitesterk nynorsk utan i-mål

I Stavanger Aftenblad 29.12 fann me ein artikkel av Kristin Aalen som òg skal vera å finna i F-vennen og Adresseavisen. Bladstykki set dryftingi av nynorskrettskrivingi i den språkrådsutpeika nemndi under aukeglasat. Her heiter det: "Synes du nynorsk er vrient å skriva fordi valgfriheten er så stor? Språkrådet er godt i gang med å forenkla rettskrivingen." Slik sett høyrer det ut som eit tenleg innkast for Språkrådet, men dei fleste vil vera mistruiske.

Kva veg det ber med nemndi viser det fyrste sitatet frå Grete Riise tydeleg:

"Gi oss innspill til hva som kan kuttet ut, sier Grete Riise, leder for Rettskrivingsnemnda for nynorsk." Slik skal nynorsken verta meir slitesterk, fortel ho vidare.

Då Magnhild Meltveit Kleppa i 2007 vart ny kommunal- og regionalminister, kom ho med pålegg til nynorskbrukarane i departementet å la «ein klår, sørvestlandsk dâm» prega talor og artiklar. Det førde med seg å skriva a-infinitiv (å koma, ikke å kome); me, ikkje vi; skule, ikkje skole, dette fær me vita av bladmannen.

Men korleis gjeng det når nordvestlendingen Grete Riise sjefar yver normeringi, spyr bladskrivaren. -Sume vil segja at me gjer det beste arbeidet um ingen vert heilt nøgd, segjer Riise. Ho segjer at at nemndi er samstemd um å ikkje vilja fjerna valet millom vi og me og at a- og e-infinitiv skal å få vera valfritt, gjev Riise ord for.

Men kløyvd infinitiv som no er klambeform, kann koma til å kverva. Dette er eit målmerke som finst i austnorske og trøndske dialektar der ein meistarar skiljet millom «å værre» og «å komma» versus «å sparke» og «å finne» -alt etter eit mynster som gjeng attende til norrønt, fær me forklåra i artikkelen.

Tidi kann òg vera ute for i-endingar i substantiv -«soli», «boki» og «lufti», heiter det stuttmelet i bladstykkjet. Dei vart flittig bruka i den nynorske bibelumsetjingi frå 1921, men finst mest ikkje lenger i skrift i dag, hevdar Riise.

Men Grete Riise lagde i Klassekampen 9.11 2010 tyngd attum at den nye nynorsknormalen er ein læreboknormal som ikkje alle treng å fylgja.

"Det vil vera fullt mogeleg for forfattarar og andre å nytte i-målet i framtida. Alt i 1938, då Olav H. Hauge var ung, opplevde han at i-målet vart fjerna frå rettskrivinga. Men Hauge gjekk som kjent ikkje over til a-målet, men fylgde ei norm som var uoffisiell resten av livet sitt", seier Grete Riise.

I Klassekampen gav ikkje intervjuaren, men kom med endå ei utmaning til Riise: "Men dei som heldt fast på dei gamle orda og endingane, vil ikkje kunne finne dei att i dei nye ordlistene?"

Riise er beint fram og slær fast at: "Gamle nynorskordlister forsvinn ikkje. Dei vil enno vera tilgjengelege i bokhandlarar og antikvariat."

## Dresden-mynstringi i februar

Rettsstaten sett ut or spel  
Olav Torheim melder

Olav Torheim var til stades under minnemynstringane for Dresden-bombingi både i 2010 og 2011.

Bombingi av Dresden den 13. februar 1945 hev vorte umtala som verdsens største terror-framferd. Dresden hadde fram til denne dagen ikkje tent til noko verde for krigsfyremål, og byen var nett difor rekna som ein sikker by å vera i for hundratusundtals flyktningar som hadde rymt undan Stalins raude her som rykkte fram i aust. Talet på dødsoffer er framleis uavklåra, men det vart i mange år rekna med minst 250.000 døde.

Den dag i dag finst det framleis ikkje noko minnesmerke i Dresden yver dei tallause uskuldege, kvinner og born, som let livet i brannstormane som bombingi valda...

Men derimot hev offeri frå terrorbombingi av Dresden vorte minte med ei eigi minnemynstring med folketog i byen. Frå det spede opp-taket i 1999 hev minnemynstringi i Dresden vakse til å verta den største nasjonalistiske massemystringi i heile Vest-Europa, med meir enn 8000 deltakarar i 2009. Slik sett ingi yver-rasking at vinstreestreme grupper dei seinaste åri hev sett alle klutar til for å stogga mynstringi med stødt meir valdelege framstøytar. Målmannen var til stades i 2010 og 2011 for å kunna melda um det som gjekk fyre seg.

**2010: Innesperra på jarnvegstasjonen**

Den 13. februar 2010 kunde ein sanna og gjeva til kjenne at det er 65 år sidan bombingi. Symbolsk sett er mynstringi difor viktugare enn på lenge - jamvel for dei som ynskjer å stogga mynstringi.

Styresmaktene i Dresden vilde leggja ned forbod mot minnemynstringi, i ålmenta heitte det at dei ottast valdelege samanstøytar. Dette kom dei likevel ikkje langt med, med di rettsstellet slo fast at Tyskland faktisk hev møte- og ytrings-fridom, og at tryggleiksvanskane laut politiet taka seg av. Då morgonen rann var difor nasjonale medhaldsmenn frå heile Tyskland på veg til Dresden med buss, so dei kunde gjeva seg til kjenne: Millom dei var Målmannen sine



2010: Innesperra ved jarnvegstasjonen.

utsende medarbeidar.

Målet for bussturen var jarnvegstasjonen i Dresden, der mynstringi skulde taka til. Kor som er, i midten av byen var gatone sperra av med tildriv frå flokkar av motstandarar til mynstringi, og det var ikkje moglegt å køyra heilt inn i byen.

Me heldt difor fram mot jarnvegstasjonen til fots - yveralt møtte me hopar av motstandarar til mynstringi og stormtropane deira i Antifascistisk Aksjon.

Undervegs mot jarnvegstasjonen var me ei gruppa på 50-60 personar (ei busslast), og imot oss stod det på kvart gatehyrne eit hundrattals fiendslege motmenn - og med altfor lite politi til stades for å hindra samanstøytar. Steinar og flaskor kom flygande mot oss, og ei rad gonger kom det til opne samanstøytar.

Ein gong kom hundrattals vinstreaktivistar springande mot oss, medan dei kasta steinar og flaskor. Til å byrja med vert folk skræmde og vil flykta, men so tek einkvan styring yver rekkjone våre, og set inn motåtak.

Gateslaget tek soleides til, og når dei valdelege vinstreestremistane skynar at dei møter røyneleg motstand, so dreg dei seg attende. På litt tryggare fråstand kunde dei då halda fram med å gaula "nazis raus", medan folk i våre rekkjor ropa attende slagord som "Die strasse frei, der deutschen jugend!"

Til slutt so lukkast me med å møta ei større gruppa av nasjonale medhaldsmenn, og saman held me fram mot jarnvegstasjonen, der mynstringi etter planen skal taka til.

På mynstringsstaden er det samla um lag 5000-7000 studnadsspelarar. Dagsetelen tek til, med meiningytringar og musikalske innslag, som skal verta etterfylgde av eit folketog med nasjonale medhaldsmenn gjennom gatone. Men kva hender? Politiet nektar dei framsmøtte å gå i tog, med same grunngevingi som styresmaktene i Dresden fyrst hadde gjeve, og som var vorti underkjend av rettsstellet: Det er "uråd å garantera for tryggleiken". Uråd, av di politiet ikkje vil fjerna motdemonstrantane som hev sett seg fast på marsjruta.

Time etter time vert dei nasjonale standande framfyre jarnvegstasjonen og firjosa, i von um at det skal koma til ei løysing. Det gjer det ikkje. Massemystringi må avsluttast um kvelden. Dei fekk aldri lov til å gå i tog.



2010: Vinstreestremistar sperrar gata. Ut og vidare til fots!

**2011: Ny strategi**

Tilskiparane ynskde denne gongen ikkje å ganga i den same fella som året fyreåt, der alle var vortne samla på jarnvegstasjonen berre for å verta sperra inne og hindra frå å koma nokon stad. Dei hadde difor teke tvo viktuge grep:

1. I staden for èi stor massemystring, vart det tvo. Fyrst var det den planlagde syrgjemarsjen 12. februar, som framfor alt skulde samla stadbundne tilhengjarar i Sachsen. Den andre mynstringi ei stor tilkjennegeving den 19. februar, "Recht auf gedenken", med nasjonale tilhengjarar frå heile Europa, der søkkeljoset skulde vera på meinings- og ytringsfridom.

2. Under stormynstringi den nittande skulde heile tri ulike tilskippingar lysast til, på ulike stader og med ulike tilskiparar. På denne måten skulde det verta uråd å sperra folk inne og hindra at tilkjennegevingi vart gjennomført.

Styresmaktene i Dresden gjer som fyrr år alt for å forby markeringi. Dei legg vidare vekt på at tri ulike tilskippingar berre er spel for galleriet. Dei vil ha alle tri samla til èi stasjonær tilkjennegeving, og inkje folketog.

So må rettsstellet atter slå fast at massemystringane er lovlege. Berre for å verta forbadne endå ein gong med same attendeviste grunngeving som fyrr - men då grip retten inn og slær fast at styresmaktene medvite bryt lovi, og no fær politiet i oppgåva å skilja nasjonale medhaldsmenn og motstandarar på ein skikkeleg måte og syta for at mynstringi vert haldi.

Sidan bae partar fyrst og fremst samlar tilhengjararar til stormynstringi den 19 februar, kann den stadeigne minnemynstringi haldist utan store vanskar, og meir enn 2000 stadeigne nasjonale gjeng i tog gjennom gatone i Dresden den 12. februar. I Aust-Tyskland er folket framleis oppgjevne yver kommunismen, og utan å henta inn hopetal av vinstreungdom langvegsfrå er det uråd for vinstreestremistane å stogga nasjonalistiske tildriv i aust. Styrkeproven for



båe partar skulde soleides koma helgi etterpå:

Då morgonen renn den 19 februar, er 6000 nasjonalistar på veg til Dresden. Mot desse stend 12.500 vinstreestremistar, førde frå heile Europa i 250 bussar. Eit massivt apparat var sett i sving for å endå ein gong “stogga nazistane”.

Retten hev pålagd politiet å skilja medhaldsmenn og motstandarar. Elvi Elben kløyver byen i tvo, og Politiet skal halda dei på kvar si sida. Men anten det er skortande fagkunna i politiet eller medviti utlengjing, so kjem hundraddtals

motmänner seg yver elvi og set upp gatesperingar. Og i staden for å setja i gang med å fjerna desse, byrjar politiet å stogga bussar med nasjonalistar på motorvegen: Dei skal ikkje få sleppa inn i byen.

Um lag 800 nasjonale kjem seg fram til jarnvegsstasjonen, der dei endå ein gong vert innestengde. Men tusundtals andre stend utanfor, og gjenom Twitter og SMS samordnar ein at ulike grupper vandrar inn mot byen. Bodskapen er klår: Lat vinstretilhengjarar få sitja attum

gatesperringane sine. Dresden skal takast med einiskilde tilkjennegjevingar etter som det høver og yveralt!

Frå Freital gjeng 2000 aktivistar heile sju kilometer fyre dei endelegt når fram til midten av byen. Og frå Löbtau byrjar ei onnor stor gruppa å setja seg i rørsla. Undervegs kjem dei framum eit vinstreeradikalt ungdomshus, der tildekte “antifascistar” stend i vindaugo og kastar steinar og flaskor etter dei. Nasjonalistane svarar med å slå inn døri og storma huset - som seinare vart meldt i media med at “nazistar gjekk til valdelegt åtak på bustadhus”. Ogso på jarnbanestasjonen tek dramaet ei uventa vending. Dei 800 innestengde set seg på toget: Spontandemonstrasjon i Leipzig! Og politiet fær si fulle hyre med å skaffa politistyrkar som kann kringsetja jarnvegsstasjonen i Leipzig.

Når dagen er slutt, hev nasjonalistane markert seg sterkt i Dresden, med spontane markeringar som syner at det er dei og ikkje vinstreaktivistane som set dagsetelen i byen denne dagen.



2011: Byen vert innteken med spontanmarkeringar.

## Kommentar: Poli og presse med raud laupar for vinstreestreme

Av Olav Torheim

So hev det alto so hendt for andre året på rad: Styresmaktene freistar fyrst med alle lovlege midlar å stogga ei fredeleg minnemynstring, og når det ikkje nyttar, so let dei herkemugen taka seg til rettes med å slå ned motrørsla (opposisjonen). Er me i Egypt eller i Zimbabwe? Nei, me er i Tyskland.

Det burde vega tungt at rettsstellet hadde gjeve nasjonalistane full rett til å gå i tog, og pålagd politiet å gjera alt for å halda motstandarane undan. Soleides er Tyskland framleides ein rettsstat. På papiret. Røyndomen er ein annan. Der er den same ugreda som med antiislam-kongressen i Köln i 2008: Kva retten sejer spelar ingi rolla, for til sist fær herkemugen likevel herja fritt, medan politiet ser på og media og politikarar gjev handklapp og fagning til det heile.

### Media si rolla

Nasjonalistane som kom for å minnast offeri for skrekkbombingi og udådane i Dresden vert fylgjestrengt umtala som “nazistar” i media. Medan motstandarane vert umtala som vanlege borgarar som vilde gjeva seg til kjenne på ein fredeleg måte mot høgreekstremisme og misbruk av historia: Ja, so fredelege var desse “vanlege borgarane” at heile 82 politifolk dette året vart hardt skadde i valdelege samanstøytar!

Og på same måten som i Köln vert motdemonstrantane oppblæsne som langt fleire enn dei i røyndi var: 20.000 Dresden-borgarar hadde forsvart byen mot tilreisande “nazistar”, heiter det i pressa. Politiet derimot sejer at talet på

motdemonstrantar var 12.500 og (reknar ein 50 personar per buss, so stemmer det heilt fullstendig med dei 250 bussane med tilreisande).

Tek ein med i reknestykkjet at minnemynstringi den fyrste helgi, 12. februar, let seg gjennomføra endåtil med meir enn 2000 deltakarar og utan hindringar, so er det klårt nok kven som greider samla stadeigne innbyggjarar, og kven som tuftar seg på statsfinansierte, umflakkande yrkesdemonstrantar (på ungdomssenter var det i månadsvis samla folk til å reisa med gratisbuss til Dresden for å gjera byen “nazifri”).

Og jamvel um media som vanlegt framstiller minnetilskippingi som ei inkjevetta, so hev tilskiparane i røyndi berre gjort det beste ut or ei umogleg stoda, nærast ei vanstoda. Dei sigerrike gatekampane mot hopar vinstreemehaldsmenn i 2010, då nasjonalistane måtte slå seg fram for å taka seg fram til jarnvegsstasjonen, syner tydelegt nok at nasjonalistane er i stand til å verja seg og gjeva seg til kjenne kvar det skulde vera. Men når politiet gjer sams sak med motstandarane, er det lite å gjera. Det er so langt einast hopelagi av vinstreestremistar som reknar valdelegt åtak på politiet som ei mogleg løysing...

### Velutrusta skuldkultur

Kvifor er det so viktugt for vinstreestreme å stogga minnemarkeringane i Dresden? Ikkje minst handlar det um å halda ved lag ein skuldkultur som tyskarane hev vorte innprenta i heile etterkrigstidi. Medan me nordmänner lærer at me

kann vera byrge av forfedrane våre, so lærer tyske born at bestefaren deira var ein krigsbrottsmann som dei må skjemma yver. Og som det heiter på eit oppslag frå Antifa Darmstadt: “Deutsche Täter sind keine Opfer!”

Ingenting av det Tyskland gjorde i Vest-Europa kann jamførast med Dresden-bombone. Men tyskarane var som me veit “das Tätervolk”, og då må gruvsame yvergrip som det i Dresden tonast ned eller helst gjerast um inkje. Det var i mange år rekna som eit kjensgjerning at um lag 250.000 menneske miste livet i Dresden, men dei seinaste åri er dette talet, takk vere “nyare forskning”, vorte minka ned til 25.000!

Å måta til slike tal nedetter i Tyskland gjeng fyre seg mest utan ordskifte i ålmenta. I den grad bombingi av Dresden i det heile vart nemnd i media, og ikkje berre “nazi-marsjen”, so heitte det stutt at “upp til 25.000 menneske miste livet i Dresden”. Hadde derimot einkvan forskaren i Tyskland våga minka ned Hitler-styret sine dødssoffer med tilsvarande storleiksorden, hadde det ikkje berre vorte ramaskrik - han hadde vorte tiltala for historieforfalsking.

Den tyske skuldkulturen vert i dag utrusta til å fremja innvandring og fleirkultur. Noko som ikkje minst studnadsgruppone åt 4 millionar tyrkarar i Tyskland veit å utnytta: Å finna åt tyrkiske muslimar er færlig “ausländerheltz” som kann føra til eit nytt Holocaust. Endå Tyrkia er det einaste landet som nektar å vedkjenna seg eit Holocaust i den samfolkelege ålmenta - deira eige mot armenarane.

## Bergensfilharmonikarane: Kunst på høgt nivå

Av Lars Bjarne Marøy

*Artikkelforfattaren hev fylgd med i noko av musikklivet i Bergen i haust og kjem inn på nokre viktige hendingar i so måte.*

Direktør for Bergensfilharmonien (BFO), Bernt Bauge, kunde fortelja til Bergens Tidende 12.12. 2010 at filharmonien dei seinste sju år hev selt 220 000 CD-ar. Berre frå årsskiftet 2008/2009 hev dei gjeve ut 12 nye innspelingar med heilt orkester eller nokre delar av orkesteret. Dei fleste CD-ar skal nå ein topp det fyrste året på kring 1000 eller 2000, men BFO hev makta å få til fleire toppar.

Johan Halvorsen-plata som millom anna hev med *symfoni nr. 1* og *Bojarenes inntogsmarsj* selde yver 3500 på dei fire fyrste månadene, fortel Bauge. Den vart kåra til månadens innspeling i *Classics Today* som er eit millomfolkeleg og sterkt påvyrddt blad. Jamfører ein med andre kjende musikarar frå Noreg, so hev Arve Tellefsen og Tine Thing Helseth selt ca. 5000 av nye cd-ar dei siste tri år.

Me spelar ikkje inn musikk for å tena pengar, segjer Bauge. Det er ikkje salsinntektene BFO yverlever på. Ikkje ein gong konsertane gjeng med nok yverskot. For ein som ikkje høyrer til den indre krinsen høyrer det sterkt ut, for Grieghallen kann til tider ha fullsett sal med kannhenda upp til 1500 tilhøyrarar, og inngangspengane er ikkje billege. Likevel treng alto BFO tilskotsmidlar – av di det er viktig å skaffa fram kunstmusikk med kunnige og dugande tonekunstnarar, stadfester Bauge.

BFO er medvitne um det dei driv på med, og det er ei glede å vera til stades på konsertar å kunna leva seg inn i store verk åt kjende tone-setjarar. BFO hev ofte tvo konsertar med same dagsetel kvar veka. I haust hev pianisten Leif Ove Andsnes vore fastbuande musikal heile halvåret.

14. og 15. oktober framførde Andsnes konsert for klaver og orkester nr 2, B-dur, op. 83 av Johannes Brahms saman med BFO. Bergensavisen kunde melda um at godordi hagla etter konserten den 14.11. 2010. Andsnes gav klare ord for at han sette pris på den solide attendemelding. Salen var fullsett med 1500 tilhøyrarar og ikkje berre den 14.11, men likeins den 15.11, og eg var den heppne som fekk den siste billetten til konserten som eg nytte i fulle drag. Han var nydeleg.

I vitringsbladet til konserten kann me lesa ei greid oppsummering av klaverkonserten, m.a. kann me lesa um det musikalske innhaldet. Brahms vert umtala som ein tankefull kunstnar. Han hev løyst alle formelle vanskar med usvikeleg tryggleik. Jamvel avsnitt med umstridd stoff hev halde på den roi og avmælte stemningi som merkjer toneverket. Ein finn drag frå kammermusikk med ei inngåande grunngjeving for



*Leif Ove Andsnes.*

tonekunsten og med storslegi symfonisk breidd. Hadde eg ikkje visst betre vilde eg ha kalla konserten for ein symfoni, men ein musikkelskande ven hev innprenta meg at klaveret ikkje høyrer heime i symfoniar.

Her kjem ein vel kannhenda til den lærdomen som eg hev tileigna meg i alt mitt musikalske einfelde: at eit piano tek for mykje merksemd i samklang med andre instrument til at det høver med symfoniens serhått. Vitringsbladet segjer at klaver og orkester i denne pianokonserten ikkje tevlar med kvarandre um merksemd frå tilhøyrarane, men dei møtest derimot i ein djup samverknad. Det er dette som gjer konserten til ei so fin, jamvektug og sterk, men avslappande, oppleving.

Etter konserten skreiv stjernepianisten namnet sitt på CD-ar. Nærare 200 næme av Andsnes-innspelingi av Rakhmaninovs klaverkonsert nr. 3 og 4 vart rivne burt. Det syner at Andsnes hev ei høg stjerna millom musikkelskarar i Bergen.

Andrew Litton, sjefsdirigenten, og Bergen filharmoniske orkester hadde ein solid konsert i Grieghallen 9. og 10. desember 2010. Eg var til stades 10. desember. Ronald Vermeulen er tilsett som programsjef for filharmonien. Han heldt eit fyredrag um politikk og musikk og hadde etter måten mange spanande innspel, men kva hadde dette med fyrste del av konserten å gjera? Ikkje veit eg. Rakhmaninov (1873-1943) var ein tonekunstnar eg fekk godhug for, og eg lika den andre symfonien svært godt med mange rolege parti og fin stemningsskapande musikk - romantisk og moderne på ein gong, tykte eg. Men Vermeulen greidde ikkje å klårgjera musikken hans. Men her burde fyredraget ha vore lengre og meir innrett på bae delar av det som var på dagsetelen for kvelden.

Derimot kann ein vel segja at fyredraget var ei greid innføring til andre del av konserten som var knytt til eit toneverk av britten Ralph Vaughan Williams. Williams sette i 1936 tonar

til eit verk som åtvare mot framvoksteren av fascismen. Verket hev funne inngjevndad frå Bibelen, Daniels bok, frå den amerikanske lyrikaren Walter Whitman og frå den kjende tala til John Bright som han heldt i det britiske parlamentet imot krimkrigen. Musikalsk er det råd å draga trådar til Benjamin Britten's krigsrekviem og Wilfred Owens *Strange Meeting* som Britten bruka i 1961. Rakhmaninov må eg koma attende til, men alt medrekna ein fin konsert. Andrew Litton og musikarane hans gjorde ein solid innsats.

Eg er glad for at eg hev kunna vera nokre turar til Bergen denne hausten. Å uppleva musikk av so høg finleiksgrad som på konsertane til BFO, er svært verdfullt. I 2015 vert BFO 250 år. Det segjer noko um kulturlivet i Bergen. Ein by der ein kann få med seg det meste når det gjeld musikk, og med det må eg ikkje lata vera å nemna at eg jamvel hev fenge uppleva Magnar Mangersnes dirigera joleoratoriet til Händel. Ikkje nokor liti oppleving det heller.



*Andrew Litton.*

## Fransk vikingrock, punkrock, folkemusikk og depressiv metal

Av Ornella Winter

*Medan me sist gong la vekt på aust-europeisk musikk, tek me denne gongen turen inn i den frankofone verdi.*




**Bagadou Stourm & DSH, Split, 2009.** Dei tvo rockegruppone Bagadou Stourm og DSH hev dei seinste åri vore millom dei fremste til å gjeva oss god fransklyndt punkrock på fransk, so kva meir kann ein ynskja seg ein enn split-CD med det beste frå båe tvo? Her er det tri grip og sanningi um stoda i Frankrike pr i dag som gjeld. Med søkjeljos på fleirkultur i kvardagen og dei tilflokjingane som det fører med seg. Og ikkje minst på ein dag skal det koma ein snud på det heile. Drivande oi-rock med tonerike innslag, og dei beste låtene er utan tvil “La Cible” (Bagadou Stourm) og “Notre jour viendra” (DSH).



**Carcereduro, A chaque époque ses héros, 2010.** Ja, so måtte vikingrocken koma til Frankrike med. Denne genren som uppstod i Sverige på byrjningi av 90-talet og som sidan hev fylgt det same utbreidingsmønsteret som vikingtoktene i aust og vest i si tid gjorde. Carcereduro spelar vikingrock i same musikalske stil som Midgårds Söner og ikkje minst

Enhärjarna. Noko som ikkje er so rart når ein tek med i reknestykkjet at sistnemnde hev tydelege keltiske innslag i tonekunsten sin (og det er då nett den eineståande blandingi millom keltisk, nordisk og latinsk som er grunnlaget for fransk kultur). Tematikken i tekstene fylgjer den sermerkte vikingrock-uppskrifti: Ein må vera byrg yver opphavet sitt og stå for det ein trur på, alltid budd til kamp og so burtetter. Og med ymse historiske tema og personar som til dømes livet åt William Wallace. Dei hev dessutan laga eit fransk avbrigde av Enhärjarna si gamle låt “Kyst till kyst”.

**Chevrotine, Chevrotine, 2009.** Ikkje so heilt ulikt dei tvo fyrstnemnde, men kanskje endå nokre hakk meir politisk. Det fyrste sporet lagar ein eigen mælestav for tonekunsten deira med låti “Croissante maudit” (Den fordømde halvmånen). Her vert det åtvare mot ei islamsk herseiting som trugar vårt serpreg og vår sed og skikk, og um me ikkje snarast råd tek til motmæle, so endar det med borgarkrig på same måten som på Balkan. Ei onnor låt, “Last Action Hero”, handlar um ein mann som fær nok av i sitja inne framfor TV-en, medan kriminelle gjengar herjar i gatone utanfor...



**Eliwagar, Fjellfolk saga fra forntiden, 2010.** Dette mystiske folkemusikk-tiltaket åt ei som kallar seg Runahild Tyrsdottir - ei ung kvinneleg songarinda som opphavlegt er frå Lorraine i Frankrike, men som den siste tidi hev halde til på ein fjellgard i Eidfjord i Hardanger. Runahild syng og kved um segner og sogor frå fornheimen, og med lette innslag av hevdvunne instrument og ljoduptak frå naturen ikring seg, (rennande vatn, vind, fotsteg i snø, fuglesong

osb) so skaper ho ei heilt sereigi stemning. Til dei fleste låtene høyrer det alt eigne musikkvideoar på Youtube, og eg vil tilrå å røkja etter til dømes “Die geheime sprache der runen in Schwarzwald”.



**Gris, Il etait un foret, 2007** er eit franskspråklegt band frå Quebec i Kanada, som spelar det ein kallar for “depressive suicidal black metal”. Det heile byrjar forteljande og akustisk med åtte minutt lange *La Dryade*, der melodien vert driven fram av piano- og cellospel. Slik kunde det gjerne ha halde fram, for her er det tydelegt nok at karane attum Gris hev talent for meir enn berre toneskjelvsplukking på el-gitar, for å segja det slik. Men kor som er, det vert med dette eine sporet, for dinæst melder den rengde gitarljoden og den skrømtliknande syngjngi frå um at her gjeng det rakt mot undergangen og ned i menneskesinnet sine myrkaste avkrokar.

Hev du høyrte meir enn nok av “melodios svartmetall” der det vert lesst på med tangentfjøl og andre yverdrivne verkemiddel? Då er denne plata noko for deg. For “Il etait un foret” er ikkje noko mindre tonerik enn dei fyrstnemnde, tvert imot - men det er ikkje tangentfjøl, det er verkelege strenginstrument som gjev serdåmen åt tilskippingane, og det skjer på ein so hårfin måte at det krev full merksemd frå den lydaren som vil ha tak i kor stort denne verket i røyndi er.

Sank ein tingar til  
**Målmannen!**

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

## Det gamle Egypt og kongemakti - Part 2

Av Stig Andresen


*Målmannen prentar part 2 i artikkelserien.*

### Mytologien

I dei tidlegaste kosmogoniske mytane frå Egypt finn me framstillingar av eit av Eliade sine kjæraste emne; in illo tempore, eller urtidi, på godt norsk. Dette var tidi då kosmos vart skapt, og då gudar herska openlyst yver universet, seinare vart det i samhøve med mytologien i dei fleste religionar slik at dei trekte seg attende, vanlegvis til den himmelske heimen deira (jamvel um einskilde av dei budde til dømes både i havi og under moldi). Dei eldste kosmogoniske mytane knyter seg nesten med ein gong saman med kongeideologien, og syner slik kor viktig kongen og rolla hans var for den egyptiske religionen og samfunnet. Kort fortalt gjeng myten ut på at Atum, skaparguden med sitt uskapte sjølv, via sjølvvøksling skapar (eller rettare sagt, sender ut frå seg sjølv) det fyrste guddommelege paret; Shu (luft) og Tefnut (eld), frå desse att kjem so Geb (jord) og Nut (himmel). Alt dette hender der egyptarane tenkte seg at skapingi byrja; Heliopolis, opphavsbyen der Atum sette sjøbein for å taka fat på skapingi av sine avkom og alt rundt omkring (Assmann, 2001:119).

”You became high as the primeval mound, you arose as Benben in the House of the Phoenix in Heliopolis. You spat out as Shu, you coughed up as Tefnut, you placed your arms around them as the arms of ka, so that your ka might be in them” (ibid:119-20).

Her ser ein atter kva for ei viktug rolle kaspela i den heimlege egyptiske religionen, ved at sjølv den guddommelege ka-en til skaparguden femner um borni hans i skapingi og slik gjev dei del i den same krafti. Det er elles opplagd at den korte, men vidspredde skapingsmyten som all mytologi opererar med er på fleire nivå, for han spelar openlyst på andre former for skaping; til dømes fødsel, lekamlegt samkvem og sannsynlegvis ritual. Det finst andre mytar som forklarar kvifor herredømet gjekk frå Atumsitt fyrste kongedøme til Shu, og so vidare til Geb, men dei hev me ikkje plass til å taka upp i denne artikkelen. Geb og systerkona hans Nut fekk borni Isis, Osiris, Seth og Nephthys, og no nærmar me oss ”historisk tid” frå den meir mytologiske tidi resten av denne kosmogoniske myten krinsar rundt. Osirismyten vil me straks taka upp, men her held det med å segja at det guddommelege syskjenekeparet Isis og Osiris fekk sonen



Horus saman, og Osiris vart drepen av broren sin Seth (ibid: 119-21). Som me nemnde tidlegare hadde alle kongar eit ”Horusnamn”, og det samstavar med kongeideologien at kongane var inkarnasjonar av Horus. Gudane hadde trass i alt valt han og styreformi ut; kva hadde vel menneskji dei skulde sagt imot dette? Slik glid den mytiske skapingi gradvis yver til å underbyggja det monarkiske styret, og slik fær kongen eit massivt ideologisk verkty til å halda på styresettet slik som det var. Ennead, det egyptiske ordet for dei ni opphavlege gudane (Horus stod utanfor her, han var bindeleddet til kongen og slik til menneskji), er dei himmelske forfedrane åt Horus og difor kongen. Det var for dei kongen skulde prova at han var den rettkomne arvingen til trona, og dei utgjorde både familien til kongen samstundes som dei var dei skapande kreftene i allheimen. På dette viset vart kongen knytt inn i sjølv skapingi, han stend for dei skapande kreftene i tilværet, og slik hev kruna i teorien gjenge frå den eine legitime maktyverleveringi frå Atum og ned til den einskilde kongen (ibid:22).

Det me hev tala um til no er det ein kann kalla ”prinsipiell kongelegitimering” gjenom Mytologien. Dei tvo neste mytane eg skal taka upp dreier seg stort sett um den individuelle kongen sin legitimerande mytologi; myten um det kongelege opphavet og Osirismyten. Amun, kongen yver gudane, set seg fyre å skapa ein ny konge som skal herska yver jordi; ein som skal byggja tempel åt gudane, auka offeri deira og generelt tryggja at det bogna av grøderikdom og mangfald. Guden fann so ei dødeleg kvinna millom menneskji, og Thoth; den guddommelege bodberaren, stadfestar at ho er dronningi

sjølv. Thoth leier so kongeguden Amun til dronningi der Amun tek tilhald i dronningi sin ektemake; kongen. Dronningi vaknar av det vissaste teiknet på guddommeleg nærvere i det gamle Egypt; angen, (stort sett i form av røykjelse) og ho innser snøgt kven som er i romet med henne, for so å lata guden stetta dei erotiske fyremåli sine med henne. Amun gjev deretter Khnum (den guddommelege pottemakeren som lagar individuelle menneskje ved hjelp av leira si) melding um å skapa barnet i Amun sitt guddommelege bilete. Khnum utfører oppdraget ilag med Heqet (gudinna for fødsel), og Thoth tek seg av arbeidet med å vitra dronningi um at ho no er med barn. Fleire andre gudar og krefter hjelper deretter til med den kongelege fødselen, og det kongelege avkomet til gudane og kongeparet vert fødd. Amun vedkjenner seg deretter barnet som sitt eige etter å ha teke det på fanget sitt, guddommelege ammor gjev barnet mjølk og gudane velsignar kongssonen. Seinare vil barnet verta umskore, rituelt reinska og formelt godkjend som den framtidige kongen ved ei samling av dei egyptiske guddomane (ibid:116-7).

Endå ein gong ser me at mytane heile tidi spelar på mange nivå, dette er utan tvil millom anna ein legitimerande, forklarande, mytologisk, underhaldande og rituell tekst. Det er gildt å sjå at ein av hovudskilnadane på den mytologien som kristne kongar i det gamle Europa hadde som sitt legitimeringsgrunnlag i høve til dei egyptiske kongane var at kongsemni vart salva i Europa, i motsetnad til i landet på hi sida av Middelhavet, der ein rettkomen konge derimot vart amma. Her spelar openlyst ritual inn, men det fell som nemnt utanfor råmone for denne teksten

og vil difor ikkje verta gjenge nærare etter i saumane. Vidare er det spanande at dei kongelege mødrene og konone etter denne myten var dei einaste i det vidsveimde egyptiske riket som hadde sett lekamleggjeringi av guden i levande live, og ikkje nok med det, i røyndi hadde havt lekamlegt samkvem med guddomen. At dette gjekk ein lang veg i å gjera kongen heilag, kan ein lett skyna sidan det heilage, som gudane stod for, hadde samband med kongefamilien og vidare hadde havt ei stor rolle i nettupp å skapa den kongen som skulde styra yver Egypt. Her spelar samstundes dei fleirtydige gudesogone inn, sidan gudane ved å yverføra skaparkrafti si til kongssonen og den kongelege ka, ytte mykje til at kongen vart sett på som han som heile tidi skapte Egypt (og difor jordi) på nytt kvar dag, der han millom anna utførde sine heilage og faste gjerningar (ritual) dagleg og ved å halda eit rettvist styre yver Egypt (Hornung, 1982:142).

Den mest spreidde gudesoga i Egypt som store umkverve av samfunnet, religionen og kulturen ålment sett var knytt opp til var; Osirismyten (rettare sagt, rundgangen, for det var mangfaldige utgåvor av gudesoga, frå berre nokre setningar og fram til at det kom lange forteljingar). Det er vanskeleg å finna eit "fullkome" (mest fullstendig innskift og utfyllande) avbrigde av gudesogone, men attgjeve med eigne ord gjeng éi av utgåvone av gudesoga meir eller mindre slik; gudane Osiris og Isis herska i mytisk tid yver jordi, som konge og dronning, ektemakar og sysken. Dei styrde rettvist og i samsvar med maat, og slik var kosmos tryggja jamn oppattnying i denne gyldne tidsaldaren. Alt var likevel ikkje berre godt, for broren deira Seth lengta etter å taka broren Osiris sin plass, både på trona og som husbonden til Isis. Seth klarde so ved eit meinspel å drepa Osiris og senda liket hans ut på Nilen, for deretter å taka Osiris sin plass som han hadde trakta etter. Isfet fylgde so, for Seth var ikkje den same herskaren som Osiris, men gjorde det derimot slik at krig og ufred herska yver riket. Isis sette seg då fyre å liva uppatt Osiris, og klarde etter mykje um og men å samla saman liket av ektemaken som var spreidd yver heile riket. Ho gjorde fallosen hans erigert, for deretter å få born, eit barn som skulde visa seg å vera sin farshemnar; Horus. Osiris vart so etter mykje att og fram endå ein gong gjevi livet, men sjølv ikkje ein gud fær lov til å hoppa millom livet og dauden utan fylgjor i det gamle Egypt, so Osiris laut forlata truna og taka seg plass som herre i etterlivet; Duat. Der skulde han millom anna døma dei som

nyleg var døde, ilag med millom andre Anubis, Maat og Ammit. Horusyverlevde mange drapsfreistnader og kampar med Seth og utsendingane hans, men til slutt fekk Horus millom anna med hjelp trolldomen til mori Isis yvertaket i kampane og sigra yver onkelen Seth. Ein domstol avgjorde at Horus var den lovlege arvingen til Osiris og ergo til truna. Seth vart so kastret og bannlyst til myrkret, der han strevar i all æva etter å taka makti frå nevøen Horus, som tok yver trona etter far sin. Striden millom dei rasar att og fram. Hev Seth yvertaket, herskar isfet på Jordi og maater i jamvektsløysa eller so er det berre umsnudd (Internett, Scott: [http://www.touregypt.net/godsofegypt/legen\\_dofosiris.htm](http://www.touregypt.net/godsofegypt/legen_dofosiris.htm)).

Denne gudesoga møter ein att i alle tenkjelege former heile tidi når ein granskar egyptisk religion, og sambandet til kongemakti er openberr. Horus er, som sonen til Osiris, den lovlege kongen utifrå denne gudesoga, og vidare veit me frå tidlegare umtala gudesogor at den menneskjelege kongen var sett på som millom anna sonen åt Horus, og ein lekamleggjering av guden. Osiris derimot, var sett på som den daude kongen, han som skulde herska i etterlivet. Her ser ein at jamvel huslyden til kongen vert innvoven i gudesoga, gjennom at far til kongen (sidan han stort sett var den fyrre kongen) etter sin død vert ei lekamleggjering av Osiris i etterlivet, medan Horus vert målbornen gjennom den levande kongen som skal herska i det jordiske riket. Det er òg andre openberre tilvisingar til "prosaiske" tema som er knytte saman med kongemakti i gudesoga, som til dømes at Seth i gudesoga stend fram på vegner av utlendingane, eit av kallenamni til Seth var nettupp "utlendingen" (Assmann, 2001:141). At Osiris vart riven i bitar og laut samlast att, speglar òg temmeleg openlyst av at Egypt i etterspelet av oppkløyvingstider laut samlast på nytt, då den desentraliserande sedvanen i monarkiske krisetider ofte gjorde seg gjeldande og kløyvde landet upp i tevlande rike. Vidare underbygde denne gudesoga millom anna dei etter måten nokso vanlege syskjening og halvsyskjenedeskap som ofte gjorde seg gjeldande i kongefamiliane til ulike tider, men serskilt i den ptolemeiske tidbolken. Osirismyten er med andre ord endå ei grunnleggjande gudesoga for kongemakti og syner godt den stendige spenningi som er millom kongen sin guddommelege og menneskjelege skapnad (ibid:123-147).

#### Konklusjon

I denne artikkelen hev me sett på litt ulike sidor ved den egyptiske kongen og kongei-

deologien, i tillegg til å trekkja inn litteratur og mytologi. Sidan egyptologien jamnast er i endring, er det vanskeleg å slå fast ei endeleg løysing på hovudspørsmålet i denne teksten; kva var eigenleg farao sin skapnad –menneskje, gudekonge eller full gud? Svaret vert nok kannhenda, som teksten vonlegvis syner, at kongen hadde ein fleirtydig skapnad som utifrå ulike stodor kunde vera både dødeleg og guddommeleg, men med ulik vikt til ymsande tider. Det passar kanskje best å kalla kongen sin guddommelegdom for flytande, og siste ord i saki er nok ikkje sagt, jamvel um visse råmor ser samset ut og sviv kring den fleirtydige kongenaturen. Nokre viktige bitar innanfor råmone hev nok falle på plass - i egyptologien iallfall inntil vidare funn melder seg.

#### Kjeldor

Assmann, Jaan. 2001. The search for god in ancient egypt. 276 s. New York: Cornell University Press.

----- . 1989. "State and religion in the new kingdom" 33 s. i William K. Simpson (red.) Religion and philosophy in ancient egypt. Connecticut: Yale University: 55-88.

Bell, Lanny. 1985. "Luxor temple and the cult of the royal ka" 43 s. i Journal of near eastern studies vol. 44 no. 4. Chicago: The University of Chicago Press: 251-94.

O'Connor, David & Silverman, David (red.). 1995. Ancient egyptian kingship. 352 s. Leiden: E. J. Brill.

Teeter, Emily. 2001. "Maat" 3 s. i Donald B. Redford (red.) The oxford encyclopedia of ancient egypt. New York: Oxford University Press: 319-21.

Hornung, Erik. 1982. Conceptions of god in ancient egypt –the one and the many. 296 s. New York: Cornell University Press.

Ockinga, Boyo. 1995. "Hatshepsut's election to kingship: the ba and ka in royal ideology" 10 s. i The bulletin of the australian centre for egyptology 6: s. 89-99.

Simpson, William Kelley (red.) 2003. The literature of ancient egypt – an anthology of stories, instructions, stelae, autobiographies, and poetry. 602 s. New Haven & London: Yale University Press.

Internett: Scott, David C. [http://www.touregypt.net/godsofegypt/legen\\_dofosiris.htm](http://www.touregypt.net/godsofegypt/legen_dofosiris.htm) (henta den 5. mai 2009).

# Gåta Kaspar Hauser

Av Kenneth Kiplesund

*Kaspar Hauser er ein mann som enno stend fram som ei gåta etter snart 200 år. Artikkelforfattaren kastar ljøs yver denne gåta.*

## Innleiing

Å skriva ein artikkel um ovringi Kaspar Hauser er ikkje berre lett. Det er fleire ein-skildsaker som er ulike, alt etter for kva kjelda du studerar. Det som ei kjelda nemner mykje um, er ikkje nemnd i ei anna, og so burtetter. Eg hev prøvt å laga ei samanfatning av hovuddragi i den syrgjelege historia. Den som vil studera meir sjølv, kan finna råd og vink til litteratur på slutten av stykkjet.

## Nürnberg, pinsedag 1828

Den unge guten som kom gåande inn i den tyske byen Nürnberg pinsedagen i 1828, synte seg å verta ein løyndom som skapte store ordskifte i Tyskland og vekte åtgang i utlandet. Det verkelege opphavet og livnaden til han som vart kalla Kaspar Hauser er ei gåta endå i dag. Den fyrste som oppdaga Kaspar Hauser, var ein skomakar. Kaspar gav honom eit brev som var stila til ein kaptein som budde i byen. Skomakaren tok guten med seg dit offiseren budde, men han var ikkje heime nett då. Kaspar vart pålagd å venta i huset, og det vart set fram mat til honom. Han åt berre brød og drakk vatn, kjøtet og ølet som vart bydd honom ansa han ikkje. Etter ei stund kom kapteinen heim. Han tok til å granska brevet, som var skriva med klossa, tilvridd handskrift. Forfattaren skreiv at han sjølv hadde ti born, og at Kaspar hadde vore innestengd i huset hans i sekstan år. Det stod at guten gjerne ville verta hermann, og forfattaren skreiv at han vona kapteinen kunne hjelpa til med dette. Til slutt i brevet stod det at dersom offiseren ikkje ville ta seg av Kaspar, kunne han berre slå honom i hel eller hengja honom upp i pipa. Kapteinen freista no å spyrja ut Kaspar. Men den einaste tilbakeverknaden han fekk var tri setningar: "Vil verta soldat som far", "Veit ikkje" og "Hest heime". Det verka som um dette var det einaste Kaspar kunne segja, han tok upp att setningane same kva han vart spurdt um. Offiseren vart til slutt leid av dette, og gav Kaspar yver til politiet. Dei sette honom fast for lausgjengeri, og han vart set i fangeholet. Neste dag fekk Kaspar blyant og papir. Han byrja straks å skriva i veg yver papiret. Men dei einaste skynelege ordi var: "Ryttar" og "Kaspar Hauser". Ein gjekk ut ifrå at Kaspar Hauser var namnet på umstreifaren, men han svara ikkje på det i det heile, og synte

heller ikkje teikn til attkjenning når han hørde det. Etter kvart som månadane gjekk, vart Kaspar eit umtykt samtaleemne hjå folket i Nürnberg. Til å byrja med trudde dei fleste at han var ein tufs som hadde vorte set på gata. Men denne forklaringi måtte forkastast då det synte seg at han lærte nye ord snøgt, hadde sers godt minne og aldri gløymde eit andlit.

## Kaspar si historie

Etter kvart greidde Kaspar å gjeva ei forståelig utgreiing um kvar han hadde vore fyre han kom til Nürnberg. Han hadde vore innstengd i ei kjellarhola; han hørde aldri noko og såg heller aldri skarpt ljøs. Med jamne millomrom hadde han fenge brød å eta og vatn å drikka. Dette hadde fangevaktaren hans sett inn til honom medan han sov. Nokre gonger hadde vatnet ein beisk smak, og då sovna han att. Når han vakna hadde han fenge på seg rein skjorta, og håret og neglane hans var klyppte. Fangevaktaren hadde lært honom ei primitiv form for skriving, og til å segja fram nokre einfelde setningar. Til slutt hadde Kaspar lært seg å stå og gå, og då hadde mannen bore honom ut or hola. So hugsa ikkje Kaspar meir fyre han fann seg sjølv i Nürnberg.

## Hjå professor Daumer

Til slutt vart det avgjort at Kaspar skulde bu hjå professor Daumer, han var kjend som ein stor vitenskapsmann. Daumer oppdaga at Kaspar hadde uvanleg skarpe sansar: Han kunne sjå i myrkret som ein katt, spora upp dyr utan vanskar og kjenna att folk på lukti sjølv om det var heilt myrkt. Han kunne verta utslegen av heilt vanlege lukter. Lukti av ein feiar som gjekk forbi på den andre sida av gata, førde til at han vart sengeliggjande i ei veka. Hjå Daumer lærte Kaspar seg å lesa og skriva på skikkeleg vis. Etter kvart let han Nürnberg få vita at han ville skriva ein sjølvbiografi. Dette ser ut til å ha skremt ein eller annan, for 17. oktober vart Kaspar funne medvitslaus i kjellaren til Daumer, med eit sår i panna. Han var ikkje til å snakka med i eit par dagar, men so fortalde han at ein mann med "svart andlit" hadde slege honom i hovudet. Med dette meinte han nok at mannen hadde vore tildekt.

## I Ansbach

Etter dette åtaket vart det avgjort at Kaspar skulde flyttast. Han vart umplassert tvo gonger, siste gongen hjå ein mann med namnet von Tucher. I februar 1831 søkte den engelske lorden Stanhope um løyve til å adoptera Kaspar. Fyrst i desember fekk han

lov til dette, og då tok han Kaspar med seg til Ansbach. Men Lord Stanhope gjorde ikkje noko for å få Kaspar med seg til England, han berre let honom vera i Ansbach. Kaspar treivst dårleg der, og lengta attende til Nürnberg. I desember 1833 vart Kaspar yverfallen i ein park i Ansbach. Det vart stadfesta at han hadde fenge eit djupt sår i vinstre side av brystet. Dagen etter greidde han å fortelja kva som hadde skjett: Ein framand mann hadde lova honom å fortelja kven foreldri hans var, dersom han vilde sverja på å halda tett um det. Kaspar hadde gjeve ein eid på dette. Då hadde mannen gjeve honom ein pengepung, stukke honom ned og sprunge sin veg. Det synte seg at innhaldet i pengepungen ikkje var anna enn meiningslaust skribleri på ein papirlapp. 17. desember døydde Kaspar Hauser av stikksåret han hadde fenge.

## Ulike teoriar

I tidi etter at Kaspar var daud vart det set fram mange teoriar om kven denne merkelege mannen kunne ha vore. Fritenkjarane trudde at han hadde narra alle i hop. Dei meinte at han hadde loge um alt: frå livssoga si, um åtaki òg dei meinte at han hadde sára seg sjølv. Andre teoriar gjekk ut på at Kaspar hadde vore eit offer for ei utuktsgjerning i høgare krinsar. Atter andre hævda at Kaspar vart drepen av di han var arving til ein adeleg tittel (son av Karl, storhertug av Baden og hertuginne Stéphanie). Nokre heldt framleis fast på at Kaspar var ein evneveik som foreldri ville sleppa å ha andsvaret for, og at han var son av ein bonde. Dette meinte dei å kunna prova millom anna utfrå brevet som bar preg av å vera skriven av ein lettvektar. Men andre meinte at dette brevet var ein svindel.

## DNA-prøver

I 2002 vart det teke DNA-prøver frå hårløkkar og klede som hadde tilhøyrt Kaspar Hauser. Dei vart samanlikna med prøvor tekne frå Astrid von Medinger, ein etterkomar av hertuginne Stéphanie. Prøvone viste ikkje samsvar, men eit slektskap kan likevel ikkje avvisast heilt, sidan skilnadane kan koma frå bråe endringar i arveeigenskapane. Men noko avgjerande prov for "prinse-teorien" er dette likevel ikkje; DNA-lina som vart funnen, er vanleg hjå den tyske folkesetnaden. Det skal òg segjast at denne teorien hev møtt motbør frå moderne historikarar. Enno i dag kann me altso ikkje gjeva eit fullgodt svar på spursmålet: Kven var eigenleg Kaspar Hauser?

## Krabat - alt hev sin pris

Av Olav Torheim

Barnebokforfattaren Otto Preussler er i Noreg best kjend for "Den vesle heksa" - kjend og kjær for oss som såg på Barne-TV på 1980-talet, men denne boki - og eit fåtals andre bøker som hev vorte umsette- er berre toppen på eit langt større isfjell som aldri hev vorte formidla til norske fjernsynssjåarar. I Tyskland hev bøkene hans derimot kultstatus, og slik sett fell det naturleggt å sjå nærare på ei av bøkene hans som nylegt vart filmatisert - Krabat.

Krabat kom på kino for eit par år sidan, men nådde aldri norske skjermar eller lerrett. Helder ikkje på DVD. Det er like fullt ei hugstelande saga som vert fortald, og som ein i røyndi må vera godt vaksen for å skyna den fulle djupni av.

Historia byrjar i Tyskland på 1600-talet. Den foreldrelause guten Krabat liver eit umflakkande liv heilt til dess at han kjem i læra på mylna hjå ein gamal meister, saman med andre læregutar. Arbeidet på mylna er til å byrja med hardt og slitsamt, men det syner seg med tidi at det harde arbeidet er for ein upptaksprøve å rekna. For læregutan på mylna driv i røyndi med meir enn berre å mala korn, under meisteren si rettleiding vert dei fullkunnige i svart magi. Takk vere magien fær dei ikkje berre superkrefter som gjer det harde arbeidet på mylna til ein lek - dei kann jamvel verta usynlege og dana/skapa seg um til ramnar som flyg gjennom lufti.

Då han vert kjend med all denne nye kunnskapen, vert Krabat spurdt ut um han framleis vil vera med, eller um han vil reisa frå mylna. Svaret han gjev må vera endelegt - vil han framleis vera med, so kann han aldri reisa derifrå. Krabat vel å verta verande.

Krabat fær seg med tid og stunder ei veninda. Han fær då høyra frå dei hine læregutane at det må han gjerne ha, men meisteren må for all del ikkje få vita kva ho heiter. Finn han ut det, so kjem dei baa til å døy.

Tidi gjeng, og livet gjeng sin vande gang på mylna, men saker og ting skjer. Um natti kjem det ein mystisk gjest med saker og ting som skal malast upp - sekkar med menneskebein. Den gamle meisteren som såg so ung ut for alderen byrjar verta kvithåra og sliten. Og Krabat kjenner det på seg at han sjølv eldast snøggare enn fyrr. Rett fyre nyttår reiser meisteren burt for ei tid - Kvar han skal hen veit han berre sjølv.

Nyttårsnatti vaknar Krabat upp til hyl og skrik frå romet til ein av dei hine læregutane. Han vil inn og sjå kva som hender, men dei hine held honom att. Dagen etter finn dei



Scena frå filmen frå 2008.

honom død. Han vert lagd i ei grav som meisteren hadde fenge greidd til fyre han reiste. Og meisteren kjem so attende, like ung som han var då Krabat kom til mylna.

Krabat skynar med kvart kva det gjeng ut på: Det er Dauden som er den mystiske gjesten som kjem um natti. Meisteren hev gjort ei pakt med dauden. Kvart år skaffar han seg ein ny læregut, og kvart år må ein av dei døy, i byte mot at meisteren fær lagt eitt år til på livslengdi si.

Ei natt freistar Krabat flykta frå Mylna. Han spring og spring, berre for å finna ut neste morgon at han hev gjenge i ring og er attende der han var. Han kann ikkje koma burt frå det livet han hev valt.

Frå ein av dei hine læregutane fær han likevel vita at det er ein måte ein kann koma burt på, og det er ogso grunnen til at meisteren aldri må få vita kva veninda hans heiter: Dersom ei kvinna kjem til meisteren og krev at han skal få sleppa fri, so må meisteren setja henne på ei prøva. Klarar ho denne, so er han fri.

Men etter fluktfreistnadene held meisteren auga med Krabat. Og han kunngjer at den av læregutane som kann spora upp og taka livet av veninda hans, han skal verta fri. Krabat sjølv fær melding um at han er den næste som skal døy.

Krabat vågar difor ikkje lenger å møte veninda si, langt mindre beda henne koma til mylna. Og på den siste dagen fyre han skal reisa burt gjev meisteren Krabat ordre um å grava ei grav - si eigi.

Det er då det hender. Veninda til Krabat hev på eige hand funne vegen til mylna, og ho krev at Krabat skal få sleppa fri. Meisteren hev då ikkje noko val: Alle læregutane vert tekne ned i kjellaren, og fær ordre um å skapa seg um til ramnar. So slepp veninda inn: Ho må no greida å identifisera Krabat, elles skal ho døy. Ramnane ser heilt identiske ut, og

Krabat trur det er slutten. Men nett då vert nett han valdt ut - ho kjende att den sterke hjartebanken hans for henne.

For meisteren er det no slutten - han hev ikkje lenger noko offer å tilby Dauden. Læregutane vert bedne um å koma seg ut or mylna, og dei er ikkje fyrr ute fyre heile mylna sprengjest og brenn ned. Og med det kverv både meisteren og dei magiske kreftene han kunde tilbyda.

Like arme som då dei kom, reiser læregutan frå den nedbrende mylna. På mylna hadde dei både tak yver hovudet, nok å eta, og magiske krefter. No hev dei ingenting lenger, anna enn det dei laut gjeva frå seg då dei kom - fridomen sin.

Alt hev sin pris, vert soleides den sluttsatsen ein må draga. For dramaet på mylna er i røyndi ikkje meir magisk enn at det vert eit bilæte på so mangt: Det kann vera eit ulukkelegt kjærleikstilhøve ein ikkje vågar brjota ut or av di ein stend fast i det livet og den kvardagen ein alt hev fenge. Eller det kann vera ein offentleg person som jattar med på alt det som er politisk korrekt - men som nett difor misser seg sjølv og sin personlege eigenart.

Det er vanleggt å sjå på fridom som eit fråvere av tvang, men i røyndi finst einast fridom når nokon kann garantera for denne - ikkje minst ein sjølv. Kvar og ein er andsvarleg for sin eigen fridom. Det er ikkje berre noko som andre kann taka frå ein, det er vel so ofta noko som ein sjølv gjev frå seg av di ein ikkje vil leggja ut den prisen som fridomen kostar: Vvil ein ikkje vera med og taka oppvasken og klesvasken, so kann ein ikkje klaga yver at det berre er dama som hev uppsynet med korleis kjøkenet og badet er skipa til, for å segja det banalt. Eller som Nietschze sa det: Fridom hev ein når ein hev viljestyrke nok til å hævda seg og til å halda den naudsynte avstanden til andre.

# B



ISSN-1503-2469

## Elfenbeinskysten - Kløyving einaste løysing?

Av professor Bernard Lugan

*Det hev i mange år vore politisk korrekt å arbeida for demokrati i Afrika og for fleirkultur i Europa. Diverre syner røyntslone bae stader at dette er ovringar som ikkje utan vidare let seg kombinera...*

I Vest-Afrika hev utfallet av det nylege presidentvalet ved Elfenbeinskysten vorte ei nær sagt borgarkrigsliknande stoda, der det millomfolkelege samfundet sit i ei fastlæst vanstoda, so lenge dei ikkje tek den etniske røyndomen i landet med i reknestykkjet.

I røyndi hev landet fenge ein "folkevald" president, herr Alassane Ouattara, som ikkje maktar installera seg ved makti med eigne middel. Andsynes Ouattara hev sitjande president Laurent Gbagbo, utslegen i valet med snaud margin, makta å syna seg sjølv fram som den landsfaderlege motstandsmannen som ikkje vil fylgja påbod frå utlandet. Og for kvar dag som gjeng vert maktstoda hans styrkt: Gbagbo stend fram som den presidenten utanlandske krefter vil byta ut med ei tråddokka for det millomfolkelege pengefondet og den nye verdsskipnaden.

Det millomfolkelege samfundet er fanga i si eigi fella, med di dei ikkje vil innsjå at Elfenbeinskysten, som eit land i ordet si rette tyding, ikkje finst. Tri ulike etniske område er på si sida sers livande: Nord-området med folkegruppone Malinkè, Dioula, Senoufo, Lobi og Kulango, Midt-regionen med Baoulè-folket - og Sud-regionen, der samgonga millom Kru-folket i vest og folkegruppone kalla "Laguinares" i aust trygjer ei solid maktstoda for sitjande president Gbagbo. Ingi varande løysing for framtid kan lata vera å taka denne røyndomen med i reknestykkjet.

Når det no ein gong er slik, kva slags utvegar finst det dersom ein vil tvinga gjennom utfallet av valet og domen som er felt av den millomfolkelege demokratiske verdsskipnaden?

1. Gjera som den franske presidenten, gjeva Laurent Gbagbo eit endeleg krav med 8 dagar på å gjeva frå seg makti.

2. Setja i verk økonomiske straffetiltak, like nyttelause som dei er uråde å gjennomføra.

3. Gjera vedtak um eit handelsforbod som i røyndi aldri vert sett i verk på fullgodt vis, og som ikkje kjem til å straffa andre enn dei stadeigne innbyggjarane.

4. Truga med framtidig rettsak ved den millomfolkelege straffedomstolen: Men kven kjem til å setja fast Laurent Gbagbo?

5. Gripa inn med hermakt for å setja Ouattara ved makti.

Dei fire fyrste utvegane hev til fylgjestreng verknad at Gbagbo vert sitjande som president, i minsto i fyrste umgang, og der ein soleides lyt innsjå er at Gbagbo hev lukkast i å halda på makti. Den siste utvegen, hermaktsvegen, støyter på si sida på tvo store tilfløkjingar:

1. Kven skal stella med krigsutstyr og gripa inn? Eit krigsfelttog frå dei sameinte nasjonane (SN) krev at ein fyrst oppnår ei politisk semja, og dinæst friviljuge statar som vil samarbeida um å stella med sendestyrkar og hertilfang åt ein sams herstyrke. I røyndi vert ein nøydd til å setja saman herstyrkar der berre "ikkje-kvite" soldatar er med, elles kjem felttoget til å få ord på seg for å vera ein nykolonialistisk stridspågang. Det heiter seg at Sambandet av vestafrikanske statar (Communauté des Etats de l'Afrique de l'Ouest, Ceda) er budde på å gripa inn med herstyrkar. Kann henda, men den einaste "operasjonelle" sendestyrken pr i dag er den som høyrer til Nigeria, og soleides steller det seg straks tvo nye spursmål:

-Er sendestyrken stor nok til å vinna yver Elfenbeinskysten sine eigne herstyrkar? Det er heilt i det uvisse.

-Korleis kjem den største mottevlaren åt Nigeria, Angola, til å svara? Er det ikkje ein stor fære for regionalisering og i næste umgang internasjon-alisering av heile striden?

2. Og um so skulde henda at Ouattara kjem til makti etter ein millomfolkeleg militær aksjon, so kjem han like fullt ikkje til å greida i få noko godt herredøme i Sud-området. Der kjem han alltid til å verta rekna som ein mann som er innsett frå utlandet.

I skrivande stund (januar 2010) hev fem punkt vorte upparbeidde:

1. Fulle av blod på hendene og med lum-mone fulle av tjuvgods, kjem ikkje stydje-spearane åt Gbagbo til å gjeva frå seg makti på fredelegt vis.

2. For kvar dag som gjeng styrkjer Gbagbo matkstoda si, for i motsetnad til det som vert sagt i media, so er Gbagbo langt frå å verta ståande åleine. Um Angola i augneblinken er det einaste landet som hev teke stoda for Gbagbo, so stend mange andre land reiduge til å gjera det same. Dimeir kjem han til å vinna samhugsmenn i heile verdi, der motstand mot "påbødet frå det vestlege herreveldet" vert sett på med godvilje.

3. Med sine hamner, oljebrunnar, og kaffi- og kakaoplasantar, so klarar Gbagbo fint å tufta makti eine og ålene på oppslutnad i Sud-området, medan han framleis held grepet um Nord-området slik han hev gjort sidan 2002.

4. Ouattara er visselegt tryggja studnad frå det millomfolkelege pengefondet, frå verds-banken og frå Obama og Sarkozy, men han liver avstengd på eit hotell under uppsyn frå SN-styrkar. Utestengd frå umverdi og livnært frå helikopterlaster, so er han mest å rekna for ein "borgherre".

5. Gbagbo veit at han ikkje for nokon pris må gå til åtak på det franske samfundet i landet, for skulde det koma til eit fransk krigsfelttog for å tryggja og få flutt ut eigne borgarar, so er dei franske styrkane i stand til å setja hersteller hans ut av spel.

Jamvel med ei slik stoda finst det løysingar, men då lyt ein taka røyndomane på bakken med i reknestykkjet. Den einaste dagnære løysingi er soleides ei form for kløyving av landet - for Gbagbo treng ikkje for kvar pris å sitja med styringi i Nord, medan Ouattara på si sida ikkje er i stand til å setja seg til ved makti i Sud.

I Sudan, etter eit halvt hundradår med krig, hev ein kome til at ei kløyving av landet er einaste rimelege utgangen. Kor mange tiår med lidingar må enno til i ulukkelege Elfenbeinskysten fyre "det millomfolkelege samfundet" skal stadfesta det same?

*Målmannen treng folk som skriv høgnorsk.  
Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!*

Attende til: Målmannen, Njårds veg 10, 2214 Kongsvinger

**Sluttordet:**

*Naudsynte vonde er vonde nok.*

*Alain De Benoist*